


ÅRSMELDING 2008

2. UTGAVE



Norsk filminstitutt vart etablert 1. april 2008 etter ei samanslåing mellom dei tidlegare institusjonane Norsk filminstitutt, Norsk filmfond og Norsk filmutvikling, frå 1. august også Norsk filmkommisjon. NFI blir leia av direktør og eit styre med ti representantar.

Årsmeldinga omfattar drifta av verksemda for perioden 01.04.08 – 31.12.08. I tråd med skriv frå KKD av 28. februar 2008 omfattar rapporten i tillegg realisering av langsiktige mål, rapportar som blir genererte på årsbasis og generelle utviklingstrekk for heile driftsåret 2008, slik at statistikk og kommentarar frå dei tre tidlegare verksemdene er integrerte i rapporten. I tillegg omfattar han også omstillingsmidla gitt i perioden 01.01.08 – 31.03.08.

Norsk filminstitutt forvaltar tilskottsordningar regulerte i Forskrift for tilskott til audiovisuelle produksjonar. I tillegg forvaltar instituttet tilskott til utvikling og støtte til filmkulturelle tiltak.

1.	Rekneskap for 2008, med forklaring på avvik	4
1.1	Driftsrekneskapen for 2008.....	4
1.2	Fondsrekneskapen 2008	5
2.	Innleiing: Måloppnåing sett opp mot dei filmpolitiske måla	6
3.	Delmål 1: Styrka produksjon	6
3.1	Auking i langfilm per år	6
3.2	Handsama søknader om tilskott til audiovisuell produksjon	7
3.3	Langfilm.....	8
3.4	Kortfilm	10
3.5	Dokumentarfilm	11
3.6	Fjernsynsdramatikk	12
3.7	Interaktive produksjonar	12
3.8	Talentutvikling, kurs og stipend.....	12
3.8.1	Nye veier, Signatur K, produsent- og manuskriptstøtte.....	12
3.8.2	Tilskottsmiddel som ikkje er ein del av ordningane for produksjonsstøtte	14
3.8.3	Kurs, seminarer og stipend utland.....	15
3.8.4	Film Commission Norway	16
3.8.5	MEDIA Desk Norge	16
3.8.6	Eurimages.....	18
4.	Delmål 2: Solid publikumsoppslutning	19
4.1	Hovedkonklusjon 2008.....	19
4.1	Besøkstall, marknadsandel og billettinntekter	20
4.2	Samproduksjoner, barne- og dokumentarfilm	23
4.3	Marknadsdel for norske filmar på klikkefilm og dvd	24
4.4	Eksport av film og TV-drama	25
5.	Delmål 2: Kvalitet og mangfold	28
5.1	Kjønnsfordeling	28
5.1.1	Kjønnsfordeling på premierefilm 2007 og 2008	29
5.1.2	Kjønnsfordeling i søknadsmassen.....	29
5.2	Geografisk spredning.....	32
5.2.1	Geografisk spreing i premierefilm 2008	32
5.2.2	Geografisk spreing i tildelingar	32
5.3	Mangfald i uttrykksform.....	33
5.3.1	Målsetting internasjonale prisar.....	34
6.	Delmål 4: Filmkultur til alle	36
6.1	Dvd og klikkefilm	36
6.2	Tilgjengeleggjering av filmarven, besøk Cinematek, museum og barn/unge	37
7.	Resultatmål	38
8.	Uerholdelege fordringar og avskrivningar av tap	39
9.	Plandokument, risikostyring og oppfølging av innkjøpsreglement	41
10.	Etiske retningslinjer.....	41
11.	Integrering/inkludering av personar med innvandrarsbakgrunn	41
12.	Likestilling	42
13.	IA-avtalen.....	43
14.	Miljøarbeid.....	43
15.	Styremedlemmer og organisasjonskart.....	44
16.	Vedlegg	44

1. Rekneskap for 2008, med forklaring på avvik

1.1 Driftsrekneskapen for 2008

Kapitel 0334 Post 01	Budsjett 2008	Regnskap 31.12.2008	Avvik
Post 01.11 Lønn og godtgjøring			
01.11 Faste stillinger	28 123 000	27 977 272	145 728
01.11 Midlertidige stillinger	287 000	286 018	982
01.11 Overtid	287 122	320 589	-33 467
01.12 Ekstrahjelp	1 767 945	1 704 264	63 681
01.17 Honorarer	603 000	603 000	-
Sum 01-11	31 068 067	30 891 143	176 924
01.18 Arbeidsgiveravgift	4 399 036	4 221 815	177 221
Sum post 01.1	35 467 103	35 112 958	354 145
Post 01.2 Varer og tjenester			
01.21 Maskiner, inventar og utstyr	2 705 350	2 782 579	-77 229
01.22 Forbruksmateriell	887 510	951 761	-64 251
01.23 Reiseutg., representasjon, opplæring, velferd	5 163 309	5 231 078	-67 769
01.24 Kontortjenester m.m.	3 509 164	3 634 453	-125 289
01.25 Konsulenttenester, sivilarbeidere m.m.	4 913 726	5 105 828	-192 102
01.26 Fagrelaterte utgifter	4 542 249	4 682 088	-139 839
01.27 Vedlikehold maskiner/ utstyr	1 433 043	1 344 615	88 428
01.28 Vedlikehold bygg og anlegg	370 000	385 624	-15 624
01,29 Bygningers drift, lokalleie	11 201 017	10 960 809	240 208
Sum post 01.2	34 725 368	35 078 835	-353 467
Sum post 01	70 192 471	70 191 793	678
Post 16 Refusjon fødselspenger	-985 191	-985 191	
Post 18 Refusjon sykepenger	-849 965	-849 965	
Sum arbeidsbudsjett	68 357 315	68 356 637	
Bevilgning, tildelingsbrev	68 707 200	68 707 200	
Resultat, mindreforbruk	-349 885	-350 563	
Kap. 0334 post 21 Oppdragsvirksomhet			
Post 21 Særskilte driftsutgifter			
21.11 Lønn og godtgjørelser	316 117	316 117	
21.22 Varer og tjenester	5 054 344	5 054 344	
21.18 Arbeidsgiveravgift	61 658	61 658	
(Bevilgningn iflg. tildelingsbrev 3724800)			
Sum post 21	5 432 119	5 432 119	
Kap 0334 post 71			
Manuskriptstøtte	5 054 900	5 345 314	-290 414
Sum post 71			

Kap. 0334 post 78			
Diverse filmkulturelle tiltak/ stipend	3 017 400	2 980 820	36 580
Sum post 78			
Ymse inntekter:			
Kap. 3334 post 01, 02,16,18			
Post 01 Driftsinntekter	7 299 500	7 079 658	219 842
Post 02 Inntekter ved oppdrag (Bevilgning iflg. tildelingsbrev 3724800)	5 432 119	5 432 119	-
Post 16 Refusjon fødselspenger	985 191	985 191	-
Post 18 Refusjon sykepenger	849 965	849 965	-
Sum inntekter post 01, 02,16 og 18	14 566 775	14 346 933	219 842

Tabell: Forklaringar til avvik i rekneskapen i forhold til tildelt budsjetttramme: Rekneskapen viser ei mindreutgift på kr 350 563,- i forhold til tildelt budsjett. Dette vart sett av for å dekkje ei forventta mindreinntekt, som ved årets slutt var kr 219 842,- i forhold til tildelt budsjett. Resterande mindreutgift på kr 130 721,- er søkt overført til 2009.

1.2 Fondsrekneskapen 2008

Jf. også likviditetsrapportar for fondskontoen i Norges Bank desember 2007 og desember 2008 som syner kr 133 411 979 og kr 102 267 219.

Kapittel 0334	
Post 50	
IB disponibelt per 01.01.2008	11 523 397
Tildelingsbrev 2008 KKD	292 232 000
Tilbakebetalt i hht inntektsrapportering 2008	2 281 581
Tilskott tilbaketrasket og tilbakebetalt	4 003 144
Tilbakebetaling produsentstøtte	654 073
Kapittel 0334	
Post 51	
Tildelingsbrev 2008 KKD, TV2 AS	28 305 000
Sum disponibelt 2008	338 999 195
Sum tilskott 2008	329 921 569
UB per 31.12.2008	9 077 626

Den samla fondsrekneskapet for Norsk filminstitutt viser at det pr 31. desember 2008 står att kr 9 077 626 i udisponerte fondsmiddel, som er overførte til 2009.

Ubrukte fondsmiddel 2008 som er overførte til 2009, omfattar pliktart pålagt billettstøtte i 2008. Eksempelvis hadde *Max Manus* ca. 15 millionar kroner til gode i billettstøtte ved årsskiftet, jf. Kap. 0334, post 50. UB per 31. desember 2008 korresponderer ikkje med saldo på fondskontoen i Norges Bank per same tidspunkt. Det er fordi utbetalingane som regel kjem i rateutbetalingar i lang tid etter tildelingstidspunkta.

2. Innleiing: Måloppnåing sett opp mot dei filmpolitiske måla

Desse kapitla vil gjere greie for måloppnåinga av dei filmpolitiske målsettingane frå St. meld. 22, Veiviseren [2006-2007]¹.

Hovudmål som uttrykt i Veiviseren [2006-2007];

Hovedmålet er et mangfold av film- og tv-produksjoner basert på norsk språk, kultur og samfunnsforhold, som er anerkjent for høy kvalitet, kunstnerisk dristighet og nyskapning, og som utfordrer og når et stort publikum i Norge og internasjonalt.

Dette skal ein nå gjennom: (1) Styrka produksjon, (2) Solid publikumsoppslutning, (3) Kvalitet og mangfald, (4) Filmkultur for alle. Innunder kvart delmål er resultatmåla merka i oransje farge.


3. Delmål 1: Styrka produksjon

Gjennomsnittleg minst 25 langfilmar i året, av dette fem dokumentarer og fem barne- og ungdomsfilmar.

3.1 Auking i langfilmar per år

Figur 3.1 a) visar antall norske langfilmpremierar per år siste ti år. Den visar ein stabil auking frå 2001 til 2008. Antall filmar dei siste ti åra utgjør et gjennomsnitt på 16,36 per år. Antall filmar per år mellom 2004 og 2008 utgjør et gjennomsnitt på 21 (20,8) filmar per år. Merk at dei 22 filmane i 2008 inkluderar lav-lav budsjettfilmen *Bak Fasaden*. Novellefilmen *Sommerhuset* er ikkje inkludert.

Figur 3.1 a) Antall langfilmpremierer per år – siste ti år



¹ Heretter kalt Veiviseren [2006-2007]


3.2 Handsama søknader om tilskott til audiovisuell produksjon

I løpet av året 2008 har Norsk filminstitutt mottatt og handsama 704 søknader fordelt på dei fem tilskottskategoriene langfilm, kortfilm, dokumentarfilm, tv-drama og interaktive produksjonar. 335 av søknadene vart løyvd tilskott, 369 er avslått. Tabell 3.1 a) viser fordelinga mellom tilskott og avslag for dei fem tilskottskategoriene, oppgitt i antall og prosentpoeng. Figur 3.1 a) illustrerer fordelinga. Merk at *langfilm* her inkluderer søknader gjennom konsulentordninga, marknadsvurderingsordninga, og også samproduksjonar, Signatur K og dokumentarfilm for kino. *Kortfilm* inkluderer Nye veier til korte filmar. *Dokumentar* inkluderer Nye veier til dokumentar. Tall på tilskuddskategoriene inkluderar utviklingstilskott, produksjonstilskott, lanseringsstøtte og billettstøtte. Oversynet omfattar ikkje produsentstøtte, som blir tildelt etter særskilt forskrift.

Tabell 3.2 a) Antall søknader behandlet i år 2008. Oppgitt i antall og prosentpoeng.

	Langfilm		Kortfilm		Dokumentar		Tv-drama		Interaktive prod.	
	Tilskott	Avslag	Tilskott	Avslag	Tilskott	Avslag	Tilskott	Avslag	Tilskott	Avslag
Antall	163	96	62	41	81	199	17	3	12	30
Prosent	64	36	60	40	29	71	85	15	28	72

Figur 3.2 a) Antall søknader behandlet i 2008, delt inn i tilskott og avslag i de fem tilskottskategoriene.




Tabell 3.1 b) viser eit oversyn over tilskott i dei ulike tilskottsskategoriene. Samla er det utdelt tilskott på kr 322 444 231 i 2008. Fondsrekneskapen for 2008 inkluderer i tillegg kr 2 605 000 til Norsk Filmkommissjon. Den totale tilskottssummen for 2008 blir etter dette kr 325 049 231. Tilbakebetalingar er trekte frå dei enkelte tilskottssummane.

Tabell 3.2 b) Tilskott 2008: Total tilskottssum og antall støtta prosjekter per tilskottskategori.

Ordning/kategori	Tilskott	Antall
Langfilm, inkl. samproduksjon, kinodokumentar og Signatur K	249 161 163	163
Tv-dokumentar, inkl. nye veier til dokumentar	22 585 382	81
Tv-drama	13 948 934	17
Kortfilm, inkl. nye veier til kortfilm	26 580 640	62
Interaktive produksjoner	6 400 000	12
Produsentstøtte	3 268 112	(6)
Øvrige enkeltstående	500 000	
Totalt	322 444 231	335 (341)

Figur 3.1 b) viser korleis tildelte middel er fordelt på dei fem tilskottskategoriene i tabell 3.1 b). *Langfilm K* inkluderer all konsulentvurdert langfilm, det vil si ordinær langfilm, Signatur K, samproduksjonar og kinodokumentarar. *Langfilm M* inkluderer marknadsvurdert langfilm. Merk at *langfilm K* og *M* høyrer til den same tilskottskategorien, langfilm. Tilskott til konsulentvurdert langfilm utgjer den største delen av totalt tildelt sum med 52 prosent. Marknadsvurdert langfilm utgjer 32 prosent. Etter det følgjer dokumentarfilm og kortfilm, med sju og åtte prosent. Interaktive produksjonar og tv-drama utgjer lågast prosentdel, med to og fire prosent kvar.

Figur 3.2 b) Fordeling av tildelte midler i de fem tilskottskategoriene



3.3 Langfilm

I 2008 mottok NFI 259 søknader om tilskottott til langfilm. Det inkluderer utviklingstilskott, produksjonstilskott, lanseringstilskott og billettstøtte. 163 av søknadene fikk løyvd tilskott. Det utgjer 63 prosent av det samla talet på mottekne søknader.

Tilskott til *prosjektutvikling* er eit viktig middel for å styrke talenta, auke profesjonaliteten og gjere det mogleg å oppnå ein betre kontinuitet. I 2008 vart det innanfor konsulentordninga gitt 61 tilskott til prosjektutvikling. Gjennomsnittlig tilskott til utvikling var kr 184 281.

Tilskott etter *konsulentvurdering* utgjorde totalt kr 132 252 332 fordelt på 100 søknader, se tabell 3.2 a).

Tabell 3.3 a) Tilskott konsulentvurdert ordinær langfilm 2008

	Tilskott	Antall	Gjennomsnitt tilskott
Prosjektutvikling	11 241 125	61	184 281
Produksjonsstøtte	67 105 036	7	9 598 512
Lanseringsstøtte	13 703 994	13	1 059 423
Billettstøtte	40 202 177	19	2 115 904
Langfilm konsulentvurdering	132 252 332	100	

For å stimulere til auka del av kvinner i leiande funksjonar i norsk filmproduksjon, innførte Norsk filmfond i 2006 ein eigen utviklingspott for langfilm, *Signatur K*. I 2008 vart det gitt kr 1 680 000 til ni prosjekt under denne ordninga. Dette er ein nedgang i høve til 2007 både når det gjeld talet på prosjekter og samla kronenum.

Tabell 3.3 b) Tilskott Signatur K langfilm 2008

	Tilskott	Antall	Gjennomsnitt tilskott
Prosjektutvikling	1 680 000	9	
Signatur K	1 680 000	9	

Tilskott til norsk del av internasjonale *samproduksjonar* var i 2008 kr 7 258 460. Av dette fekk seks prosjekt til saman kr 4 682 929 i produksjonsstøtte, og seks prosjekt kr 2 575 531 i billettstøtte. Tala er stabile samanlikna med 2007.

Tabell 3.3 c) Tilskott Samproduksjoner langfilm 2008

	Tilskott	Antall	Gjennomsnitt tilskott
Prosjektutvikling	7 258 460	6	
Billettstøtte	2 575 531	6	
Samproduksjon	9 833 991	12	

Tilskott etter *marknadsvurdering* utgjorde kr 100 707 196, fordelt på 26 prosjektsøknader, sjå tabell 3.2 b).

Tabell 3.3 d) Tilskott marknadsvurdert langfilm 2008

	Tilskott	Antall	Gjennomsnitt tilskott
Produksjonsstøtte	49 184 836	7	7 046 386
Lanseringsstøtte	5 595 000	5	1 119 000
Billettstøtte	45 927 360	14	3 280 526
Langfilm markedsvurdering	100 707 196	26	

Tilskott til *kinodokumentar* utgjorde kr 8 087 601, fordelt på 16 prosjektsøknader, sjå tabell 3.2 e). Merk at kinodokumentar også er ført under punkt 3.5 *Dokumentar*.

Tabell 3.3 e) Tilskott kinodokumentar langfilm 2008

	Tilskott	Antall	Gjennomsnitt tilskott
Prosjektutvikling	450 000	3	225 000
Produksjonsstøtte	5 370 100	4	1 362 500
Lanseringsstøtte	1 667 266	3	854 839
Billettstøtte	600 235	6	100 039
Kinodokumentar	8 087 601	16	


Lansering

Det vart i 2008 premieresett 22². 13 av desse fekk lanseringsstøtte etter konsulentvurdering, sjå tabell 3.2 a). Fem fekk lanseringsstøtte etter marknadsvurdering, sjå tabell 3.2 b).

- Tre av desse var dokumentarfilm for kino; *Blod og ære*, *99% ærlig* og *Prøvetid*.
- Fire var barne- og ungdomsfilm; *SOS Svartskjær*, *I et speil i en gåte*, *Kurt blir grusom* og *Respekt*.

Barne- og ungdomskategorien er basert på Medietilsynets "Egnethet". I *barne- og ungdomsfilm* inngår Medietilsynets kategorier Barn, Barn/familie, Familie, Ungdom og Ungdom fra 13. I *Voksen* inngår kategoriene Ungdom/voksen og Voksen.

Figur 3.3 a) Premierefilmer 2008, fordelt på målgrupper



3.4 Kortfilm

Tilskott til *ordinær kortfilm* utgjorde kr 9 906 984 i 2008 fordelt på 30 søknader. Det har vore ein auke i midla til denne ordninga samanlikna med 2007, mens talet på prosjekt har halde seg relativt stabilt. I 2008 vart det vald å auke tilskottsbeløpet per prosjekt.

Tabell 3.4 a) Tilskott ordinær kortfilm 2008

	Tilskott	Antall	Gjennomsnitt tilskott
Prosjektutvikling	669 681	8	83 710
Produksjonsstøtte	9 237 303	22	419 877
Kortfilm	9 906 984	30	

² Her er lav-lav budsjettfilmen *Bak Fasaden* inkludert. Novellefilmen *Sommerhuset* er ikke inkludert.

Tilskott til *Nye veier til korte filmer* utgjorde kr 16 673 656 fordelt på 32 søknader, sjå tabell 3.3 b). Denne ordninga skal gi regissørar som enno ikkje har debutert med langfilm, betre høve til å utvikle og gjennomføre ein kortare produksjon, og på denne måten få høve til kunstnarleg fordjuping og utprøving av nye idear. Det har vore ein auke frå 2007 både i forhold til tildelte middel, og i forhold til talet på tildelingar.

Tabell 3.4 b) Tilskott Nye veier til korte filmer 2008

	Tilskott	Antall	Gjennomsnitt tilskott
Prosjektutvikling	555 000	7	79 286
Produksjonsstøtte	15 485 000	21	737 381
Lanseringsstøtte	460 000	1	460 000
Billettstøtte	173 656	3	57 885
Nye veier til korte filmer	16 673 656	32	

3.5 Dokumentarfilm

Tilskott til *kinodokumentar* utgjorde kr 8 087 601 fordelt på 16 søknader, sjå tabell 3.4 a). Talet på kinodokumentarar var likt i 2007 og 2008, medan beløpet per tildeling var høgare i 2008 enn året før.

Tabell 3.5 a) Tilskott kinodokumentar 2008

	Tilskott	Antall	Gjennomsnitt tilskott
Prosjektutvikling	450 000	3	225 000
Produksjonsstøtte	5 370 100	4	1 362 500
Lanseringsstøtte	1 667 266	3	828 468
Billettstøtte	600 235	6	100 039
Kinodokumentar	8 087 601	16	

Tilskott til *ordinær dokumentarfilm* (enkeltstående og seriar) utgjorde kr 13 215 000 fordelt på 63 prosjekt, sjå tabell 3.4 b). Det har vore ein markant auke i så vel tilskott som i talet på prosjekt samanlikna med 2007.

Tabell 3.5 b) Tilskott ordinær dokumentarfilm 2008

	Tilskott	Antall	Gjennomsnitt tilskott
Prosjektutvikling	3 223 932	30	113 567
Produksjonsstøtte	10 648 681	33	344 697
Dokumentar	13 872 613	63	

Nye veier til dokumentarfilmer utgjorde kr 8 712 769 fordelt på 18 søknader, sjå tabell 3.4 c). Ordninga skal gi etablerte filmskaparar innan dokumentarfilm betre høve til kunstnarleg fordjuping, utprøving av idear, for på den måten kunne skifte spor i forhold til tidlegare produksjonar. Det har vore ein monaleg auke i tilskott samanlikna med 2007.

Tabell 3.5 c) Tilskott nye veier til dokumentarfilm 2008

	Tilskott	Antall	Gjennomsnitt tilskott
Prosjektutvikling	990 384	7	141 483
Produksjonsstøtte	7 722 385	11	702 035
Nye veier til dokumentarfilm	8 712 769	18	

3.6 Fjernsynsdramatikk

Tilskott til dramaserier utgjorde kr 13 948 934 fordelt på 17 søknader, sjå tabell 3.5 a).

Tabell 3.6 a) Tilskott fjernsynsdramatikk 2008

	Tilskott	Antall	Gjennomsnitt tilskott
Prosjektutvikling	2 173 934	12	176 923
Produksjonsstøtte	11 775 000	5	2 355 000
Fjernsynsdramatikk	13 948 934	17	

3.7 Interaktive produksjonar

Tilskott til interaktive produksjonar utgjorde kr 6 400 000 fordelt på tolv prosjektsøknader, sjå tabell 3.6 a). Det har vore ein gradvis auke i talet på søknader til ordninga. I 2008 kom det inn 42 prosjekt fordelt på tre søknadsrundar, mot 37 prosjekt i 2007. Kultur- og kyrkjedepartementet presenterte i 2008 ei stortingsmelding om dataspel, og dei politiske signala om at dataspel er eit satsingsområde, har ført til at fleire nye aktørar har søkt ordninga. Det er også verdt å framheve ei svært positiv utvikling i kvaliteten på prosjekta og profesjonaliteten til selskapa som søkte om støtte i 2008.

Tabell 3.7 a) Tilskott interaktive produksjonar

	Tilskott	Antall	Gjennomsnitt tilskott
Prosjektutvikling	6 400 000	12	658 333
Interaktive produksjonar	6 400 000	12	658 333

3.8 Talentutvikling, kurs og stipend

Eit sterkt produksjonsmiljø, med auka talentutvikling, profesjonalitet og kontinuitet i alle delar av produksjonen. Ein økonomisk solid bransje gjennom effektive og målretta tilskottsordningar, auka private investeringar og auka marknadsinntekter.

3.8.1 Nye veier, Signatur K, produsent- og manuskriptstøtte

Tilskott til prosjektutvikling er eit viktig middel for å styrke talenta, auke profesjonaliteten og gjere det mogleg å oppnå betre kontinuitet. I 2008 vart det innanfor konsulentordninga gitt 61 tilskott til utvikling av

langfilmprosjekt. Gjennomsnittlig tilskott til utvikling av langfilm var kr 184 281. NFI fører også andre målretta ordningar for å styrke produksjonsmiljøet, auke talentutvikling, profesjonalitet og kontinuitet, samt auka private investeringar og auka marknadsinntekter. Det blir gjort greie for i kapitla som følger.

Nye veier

NFI tildelte i 2008 fondsmiddel til to ordningar med formål om talentutvikling:

- Nye veier til korte filmer – kr 16 673 656
- Nye veier til dokumentarfilm – kr 8 712 769

Felles for ordningane er at dei skal gi rom for etablerte og nye talent til kunstnarleg fordjuping og utprøving av nye idear i faste rammer.

Det vart gitt totalt:

- 32 tilskott innan Nye veier til korte filmer (utvikling og produksjon)
- 18 tilskott innan Nye veier til dokumentarfilm (utvikling og produksjon)

Signatur K

Ordninga ble etablert i 2006 for å auke delen av kvinner i ledande funksjoner i norsk filmproduksjon. 2008 er det siste året denne ordninga blir praktisert. For 2009 og vidare ønskjer NFI å satse på å auka kvinnedel i alle kategoriar og innanfor alle tilskottsordningar. I 2008 vart det gitt utviklingstilskott til ni prosjekt. Gjennomsnittleg tilskott var kr 186 667.

Langfilm - kontinuitet

Av dei 14 spelefilmprosjekta som fekk produksjonstilskott frå NFI var fem med debuterande regissør (36%), fire hadde regissørar som gjorde sin andre film (29%) og fem regissørar gjorde sin tredje film eller meir (36%).

To selskap fekk produksjonstilskott til to filmar.

Fire selskap (tre av dei i marknadsordninga) gjorde sin første spelefilm.

Produsentstøtte

Produsentstøtte er ei ordning som har eksistert sidan 2002. Støtta blir lyst ut som rammetilskott for utviklingsprosjekt til enkeltståande fiksjons- og dokumentarfilmar. Ein kan søkje om tilskott frå minimum kr. 200 000 til maksimum kr 1 000 000. Rammetilskottet blir tildelt produksjonsselskap som så kan søke om å utløyse ulike beløp til ulike prosjekter. Seks selskap, fire spillefilm- og to dokumentarfilmprodusentar, fekk til saman kr 3 268 112 i rammetilskott.

Manuskriptstøtte

Manuskriptstøtteordninga gir tilskott til utvikling og bearbeiding av alle typar manus, både til langfilm, dokumentar og TV-drama. Innsendte søknader blir handsama fortløpande. Det vart handsama 168 søknader om utviklingstilskott. 39 nye prosjekt fekk tilskott. Ordninga har frå hausten 2008 hatt som uttalt intensjon å gi større tilskott til færre søkjarar. Tilskodd gjennom manuskriptstøtteordninga utgjorde i 2008 kr 5 395 000, medan kr 5 345 314 er utbetalt i 2008.

Tabell 3.8.1 a) Manuskriptstøtte: Antall behandlede søknader og støttede prosjekter pr år

År	2003		2004		2005		2006		2007		2008	
	B	S	B	S	B	S	B	S	B	S	B	S
Antall	235	32	188	22	175	51	170	51	168	46	168	39
Prosent	14 %		12 %		29 %		30 %		28 %		23 %	

Forklaring til tabell: B= Behandlet / S= Støttet

Per 31. desember 2008 var det 39 aktive prosjekt i ordninga. Dette omfatta 46 forfattarar (sju prosjekt har to forfattarar), som fordeler seg med 18 kvinner og 28 menn.

Tre prosjekt er dokumentarar, med totalt fire forfattarar (tre kvinner og en mann). Fem prosjekt er retta mot barn; av desse er tre animasjonar, og eit av desse igjen er TV-serie. To er fiksjon. Desse prosjekta fordeler seg på sju forfattarar (seks kvinner og en mann).

47 prosjekt vart avslutta i 2008

3.8.2 Tilskottsmiddel som ikkje er ein del av ordningane for produksjonsstøtte

Tabell 3.8.2 a) Post 71 – Filmproduksjon

Manuskriptutvikling	
Overført frå 2007	497 000
Tildeling frå KKD av 17.01.2008	5 600 000
Sum tildelt pr 31.12.2008	5 395 000
Søkes overført	702 000

Tabell 3.8.2 b) Post 78 – Ymse faste tiltak (kan ikkje overførast til 2009)

Stipend	
Tildeling frå KKD av 17.01.2008	1 520 000
Sum tildelt pr 31.12.2008	1 444 120
Ikke tildelt	75 880

Post 78 – filmkulturelle formål

Film & Kino overtok ansvaret for all støtte til filmfestivalar og filmklubbverksemd frå 1. januar 2008, og tildelingane i 2008 er tilpasset dette etter avtale med Film & Kino. Tildelingane har elles følgd tidlegare praksis med støtte til trykksaker, arrangement, cinematekdrift og digitalt utstyr til cinemateka.

NFI forvalta 4,1 millionar kroner i støtte til filmkulturelle tiltak gjennom Post 78, som i 2008 fordelte seg slik:

Tabell 3.8.2 c) Post 78 – filmkulturelle formål

Tiltak	Støtte
Filmkontakt Nord	300 000
Tromsø Internasjonale Filmfestival, sideprogrammet Film frå Nord	50 000
Bergen Internasjonale Filmfestival, Importstøttepris 2007	100 000
SCREEN - The 1st Oslo International Video Art Festival	20 000
Cinematket i Bergen, driftsstøtte	500 000
Cinematket i Trondheim, driftsstøtte	500 000
Verdensteatret Cinematket, Tromsø, driftsstøtte	500 000
Cinematket i Bergen, digitalt visningsutstyr	250 000
Verdensteatret Cinematket, Tromsø, digitalt visningsutstyr	250 000
Kristiansand Digitale Cinematket, digitalt visningsutstyr	250 000
Sjølvberget Cinematket, Stavanger, digitalt visningsutstyr	100 000
Cinematket USF, Bergen, analoge filmkopier	200 000
Universitetet i Oslo, Bergmanseminar	30 000
Kosmorama, visning <i>Jeanne D'Arc</i> i Nidarosdomen	20 000
Studentersamfunnet i Trondheim, animasjonsfilm/musikk	20 000
Oslo Dokumentarkino	100 000
Norsk Form, utekino "Portrom i et byrom"	40 000
Fråme by fråme, fagdager	30 000
CIFEJ, avvikling av styremøte	25 000
Foreningarna Nordens Förbund, Norden i Bio	34 000
Norsk Filmkritikerlag	50 000
NorgesFilm AS, audiovisuelt fagseminar	30 000
Forlaget Vett & Viten as, <i>Frå idé til film: Hustruer</i>	108 000
MarcusMedia, bokutgivelse	30 000
Rushprint, driftsstøtte	350 000
Nordic Youth Film Festival, grønt lerret	15 000
Nordic co-production and financing forum, Haugesund	25 000
Motlys as, 25-årsjubileum	20 000
Arthaus, nordisk filmpris/ - filmhelg oslo	50 000
Bodø Internasjonale Orgelfestival, Kino-orgel	15 000
Oslo poesifestival, animasjonsfilm	20 000
Arne Skouens Ærespris	50 000
Gullstolen Grimstad	50 000
Totalt post 78 + post 79 (kr 500.000 øremerket Cinematket i Tromsø)	4 132 000
Tildeling	4 100 000
Utbetales i 2009	32 000

3.8.3 Kurs, seminarer og stipend utland

Kurs og seminarer

Utviklings- og produksjonsavdelinga arrangerer seminar og kurs for bransjen på etter- og vidareutdanningsnivå, ein del også i samarbeid med eksterne aktørar. Arrangementa kan variere frå nokre få timar til fleire dagar, og talet på deltakarar er varierer sterkt, alt etter kursets/seminarets innretning og form. I alt deltok ca. 1 040 personar på ulike kurs/seminar i 2008, og av desse var ca. 45 prosent kvinner og ca. 55 prosent var menn. Nokre kurs består av fleire modular, og/eller er i samarbeid med andre.

Tabell 3.8.3 a) Antall kurs arrangert

År	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Antall	17 (23)*	17 (21)*	27 (29)*	26 (40)*	22 (41)*	24 (30)*

*Noen kurs består av flere moduler, og/ eller er i samarbeid med andre

Stipend utland

Utviklings- og produksjonsavdelinga i NFI forvaltar stipendmiddel frå MEDIA-programmet og andre tilskott til kurs i utlandet, i tillegg til TROLL-middel og filmrekrutteringsstipend. Total vart det løyvd 201 stipend til 76 kvinner og 125 menn, til 57 ulikeformål. Tildelingsprosent var ca. 50 prosent.

Tabell 3.8.3 b) Stipend relatert til MEDIA 2007/MEDIA PLUS

År	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Antall	30	37	28	33	31	24

Tabell 3.8.3 c) TROLL-midler for stipend til audiovisuell utdanning i Frånkrike

År	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Antall	37	35	26	35	41	26

Media-kurs som fant sted i Frånkrike, er belastet TROLLmidler. Filmrekrutteringsstipend er ført på Stipend.

Tabell 3.8.3 d) Andre stipend

År	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Antall	21	24	30	75	72	149

3.8.4 Film Commission Norway

Oppgåvene til Film Commission Norway er å motivere til auka bruk av norske destinasjonar som locations/opptaksstad for utanlandske produsentar. Dette arbeidet omfattar også kompetansebygging og overføring av erfaringar og kunnskap mellom norske og utanlandske filmprodusentar og leverandøren.

Målgruppe

Produsentar
Location scout'er
Regissørar
Manusforfattarar

Prioriterte marknader i 2008 og 2009

USA / Hollywood – prestisje
India – volum
UK – interesse for co-produksjonar
Tyskland - interesse for co-produksjonar
Italia - interesse for co-produksjonar

3.8.5 MEDIA Desk Norge

MEDIA Desk Norge er ein del av Norsk filminstitutt og har som hovudoppgåve å informere, motivere og rettleie den norske audiovisuelle bransjen om EUs MEDIA-program. I tillegg fungerer MEDIA Desk Norge som eit

bindeledd til den europeiske audiovisuelle bransjen. Det noverande MEDIA-programmet er det fjerde i rekka. Det starta i 2007 og har funksjonstid ut 2013. Budsjettet er på € 755 millionar.

Viktigaste informasjonsreiskapen for MEDIA Desken er nettsidene - www.mediadesk.no – som blir oppdaterte kontinuerleg og med ei jamleg publisering av hyheitsbrev til ei adresseliste i inn- og utland med ca. 700 mottakarar.

MEDIA Desk Norge heldt i 2008 fram med å invitere til informasjonsmøte for produsentar framfor kvar relevant søknadsfrist. I 2008 vart det halde fem slike møte i Oslo, i tillegg til møte i Bergen og Tromsø. Andre av dei utoverretta aktivitetane til MEDIA Desken skjer i ei blanding mellom eigeninitierte møte/seminar for utvalde målgrupper og deltaking/foredrag på bransje arrangement. Individuell rettleiing av potensielle søkjarar i sjølve søknadsarbeidet er ei prioritert oppgåve.

Arbeidet går føre seg så vel på et regionalt og nasjonalt nivå som i ein nordisk og europeisk samanheng. Det er viktig å vere til stades med aktivitetar på nasjonale bransjetreff. I 2008 deltok MEDIA Desk Norge på filmfestivalane i Tromsø, Grimstad og Haugesund, i tillegg til seminar og faglege fora. I 2008 samarbeidde MEDIA Desk Norge med MEDIA Deskene i dei andre nordiske landa om arrangement under filmfestivalen i Cannes og Nordisk Forum i Malmø. Vidare deltok MEDIA Desk Norge på europeiske møte og arrangement under dei internasjonale filmfestivalane i Berlin og Cannes, og i Brussel. Under Nordische Filmtage i Lübeck blir tyske, nordiske og baltiske produsenter invitert til co-produksjonsmøte i samarbeid med MEDIA Desk Tyskland. Leiar for MEDIA Desk Norge representerte i 2008 Norge i styringskomiteen til programmet, MEDIA komiteen, som held seks-sju møte årleg.

MEDIA Desk Norge har to tilsette knytt til seg; ein leiar og ein informasjonsmedarbeidar. 50 prosent av utgiftene til løn og drift blir betalt av EU-kommisjonen i Brussel.

Norske resultat

I 2008 vart det kanalisert til saman nær 21,6 millionar kroner frå MEDIA til den norske bransjen i form av direkte og betinga støtte. Dette er ein auke på 4,3 millionar kroner frå året før. Samtidig blir konkurransen om midla i MEDIA stadig hardare. Grunnane til auken er samansette. Først og fremst er auken knytt til at fleire produsentar har vore aktive og hatt gode søknader som har nådd opp i konkurransen. Mange av dei "store" norske produsentane fekk i 2007 *slate funding* (pakke-finansiering) frå MEDIA. Med det har dei ein langsiktig kontrakt og er utelukka frå å søkje på nytt i 2008. Resultatet med tre enkeltprosjekt og ei pakkefinansiering i utviklingstilskott for Norge i 2008 er svært tilfredsstillande. Tre norske prosjekt fekk tilskott til tv-distribusjon. Det er meir enn det er rimeleg å vente i denne høgthengande tilskottsordninga. Eitt produksjonsselskap oppnådde både utviklings- og tv-distribusjonstilskott i 2008.

Ei målsetting for arbeidet i 2008 var å få til norske søknader til tilskottsordninga i2i. Norske produsentar har tidligare ikkje tatt i bruk denne ordninga, som dekkjer deler av utgifter knytte til privat finansiering. Med to vellukka i2i-søknader i 2008 vart målsettinga oppnådd.

I tråd med intensjonane og budsjettprioriteringane i MEDIA-programmets er det distribusjonsdelen som får dei høgaste tilskotta. Det gjeld også for Norge, der distributørane jamleg bruker MEDIA-programmet for import og lansering av europeiske filmar på kino. Åtte norske distributørar fekk lanseringstilskott til 22 europeiske kinofilmar i 2008. De to norske filmene *Kunsten å tenke negativt* og *O'Horten* utløyste lanseringstilskott frå MEDIA i høvesvis fem og elleve europeiske land.

Tabell 3.8.5 a) 2008 i tall, MEDIA Desk Norge

Tilskottsordning	Mottaker	Til hva	Beløp-NOK
Utvikling - enkeltprosjekt	3 produsenter	3 prosjekt	897 000
Utvikling – slate funding	1 produsent	3 prosjekt	1 530 000

TV-distribusjon	3 produsenter	3 prosjekt	4 630 000
i2i Audiovisual	2 produsenter	2 prosjekt	860 000
Distribusjon – selektiv*	2 norske filmer	11 + 5 land	3 317 000
Distribusjon – selektiv**	8 distributører	22 filmer	2 525 000
Distribusjon - automatisk	9 distributører	fondsmidler	5 544 295
Europa Cinemas	4 kinobedrifter	prosjektstøtte	1 500 000
MEDIA Desk Norge	driftstilskott	50 prosent	790 500
Til sammen			21 593 295

* indirekte støtte til to norske filmer som blir vist i andre europeiske land.

** direkte støtte til norske distributører som viser europeisk film i Norge.

Å bemerke er at i årets tall er innberekna tilskott frå MEDIA til drift av MEDIA Desk Norge og betinga tilskott til norske kinoar med medlemskap i Europa Cinemas. Europa Cinemas gir støtte til sine medlemmer, denne støtta er på vilkår av at dei gjennomfører visse aktivitetar. Talet viser altså det mottakarane har rett til å få, under føresetnad av at dei oppfyller pliktane sine.

Annent deltaking

Fleire av MEDIAs tilskottsordningar, som festivalar, promotion og pilotprosjekt, har norske interesser og partnerar. Eksempelvis arrangerer Filmkontakt Nord og European Documentary Network Nordisk Panorama, marknader, co-produksjonsmøte og andre bransjetiltak med støtte frå MEDIA og med mange norske deltakarar.

Norsk filminstitutt var i 2008 partner og deltakar i to av tilboda innan MEDIA Training, Ekran og Focal (Production Value). Vidareutdanningstilboda i MEDIA er hyppig brukt av norske aktørar. Totalt deltok et tyvetalls norske manusforfatarar, produsentar og andre bransjefolk i ulike prosjekterrelaterte workshoper knytte til MEDIA. Filmcampen i Målselv har inngått samarbeidsavtalar med to av workshopene, Sources2 og EAVE.

Norsk filminstitutt er medlem av European Film Promotion. Mange norske bransjefolk deltok på marknader, festivalar og finansieringsfora arrangert med MEDIA-støtte.

Fire norske kinoar er medlem i det europeiske kinonettnetket Europa Cinemas. Det gjeld kinoane i Kristiansand, Stavanger, Bergen og Trondheim.

3.8.6 Eurimages

Norge har vore medlem av Europarådets fond for samproduksjon av film, EURIMAGES, sidan 1989. Fondet yter støtte til produksjon av spelefilm og "kreativ dokumentarfilm". Føresetnaden for å kunne søkje støtte frå fondet er at det aktuelle prosjektet er ein samproduksjon mellom minst to europeiske land.

EURIMAGES blir finansiert ved ei medlemsavgift, som for Norges del blir betalt over budsjettet til Kultur- og kyrkjedepartementet. Avgifta er basert på Europarådets fordelingsnøkkel. Det betyr at Norge i 2008 stod for 2,2 prosent av innbetalingane til fondet, eller ca. 3,7 millionar kroner. Støtte frå EURIMAGES blir på same måte som støtte frå MEDIA-programmet sett på som "overnasjonal støtte", og blir derfor ikkje rekna som "statsstøtte" i forhold til EØS-avtalen.

Etter ein periode med relativt beskjeden interesse blant norske produsentar for å søkje tilskott frå EURIMAGES i åra etter 2000, har norske prosjekt gjennom dei seinare åra hatt suksess med å hente produksjonsmiddel frå EURIMAGES. Framgangen kviler både på eit auka medvit blant norske produsentar om tydinga av

internasjonalisering og ei meir spissa rettleiing frå Norsk filmfonds/Norsk filminstitutt side overfor prosjekter som ein anta kan ha sjansar for å oppnå støtte i fondet. Ein må likevel presisere at det er produsentane som avgjer om dei vil gå til EURIMAGES med prosjekta sine.

I 2008 fikk eitt prosjekt med norsk hovudprodusent støtte i EURIMAGES, *Kongen av Bastøy*, produsert av Spillefilmkompaniet 4 ½ AS, regi Marius Holst. Støtta er på 600 000 Euro, eller snautt fem millionar kroner.

Tabell 3.8.6 a) Støtte til norske prosjekter frå EURIMAGES 2004-2008

År	Prosjekt(er)	*Samprod.land	Norsk produsent	Støtte Euro	Støtte NOK
2004	<i>Naboer</i>	NO, DK, SE	Spillefilmkompaniet 4 ½ AS	210 000	1 758 015
	<i>Jungeldyret Hugo III</i>	DK, DE, NO, LV	Nordisk Film AS	500 000	*586 005
	<i>Import-Eksport</i>	NO, SE, DK	Filmhuset Produksjon AS	270 000	2 260 305
2005	<i>Yodok Stories</i>	NO, PL	Piraya Film AS	130 000	1 040 949
2006	<i>Metropia</i>	SE, DK, NO	Tordenfilm	400 000	*322 040
2007	<i>Appelsinpiken</i>	NO, ES, DE	Helgeland Film AS	500 000	4 007 650
	<i>Max Manus</i>	NO, DE	Filmkameratene AS	580 000	4 648 874
2008	<i>Kongen av Bastøy</i>	NO, FR, PL	Spillefilmkompaniet 4 ½ AS	600 000	4 931 640

Prosjekter med norsk hovedprodusent er uthevet. * Norsk produsents andel av tilskott. Omregning frå Euro etter Norges Banks årsgjennomsnitt.

4. Delmål 2: Solid publikumsopplutning

Minst tre millionar besøk på norske filmar, som skal svare til 25 prosent av kinomarknaden. 15 prosent norsk marknadssdel av dvd-marknaden og klikkefilmmarknaden. Eksport av norsk film og tv-drama dobla innan 2010.

4.1 Hovedkonklusjon 2008

2008 vart eit rekordår for norsk film, med over 2,6 millionar besøk på årets 24³ kinopremierar. Dei norske filmene stod for 22,4 prosent av besøket på kino i 2008, og spelte inn over 200 millionar kroner i billettsal på kino.

Tabell 4.1 a) Kinobesøk norske filmar 2008

Tittel	Regissør	Støtte	År	Besøk	Brutto innt.
Rovdyr	Patrik Syvertsen	M	08	71 322	5 622 480
Kautokeino-opprøret	Nils Gaup	K	08	343 889	25 363 593

³ Omfatter også novellefilmen *Sommerhuset*

Lønsj	Eva Sørhaug	K	08	75 336	5 982 843
Mannen som elsket Yngve	Stian Kristiansen	M	08	174 752	13 425 474
SOS Svartskjær	Arne Lindtner Næss	K	08	157 323	9 867 813
Ulvenatten	Kjell Sundvall	M	08	61 832	4 946 323
Respekt	Johannes Joner	K	08	12 933	773 288
Lange Flate Ballær II	Harald Zwart	M	08	293 057	22 950 220
Varg veum - Falne Engler	Morten Tyldum	M	08	126 063	10 039 710
Blod & Ære	Håvard Bustnes	K	08	7 078	430 170
Den siste revejakta	Ulrik Imtiaz Rolfsen	K	08	145 831	11 773 779
De gales hus	Eva Isaksen	K	08	49 365	3 676 987
99 % ærlig	Rune Denstad Langlo	K	08	11 987	727 002
De usynlige	Erik Poppe	K	08	100 067	7 887 747
Iskys	Knut Erik Jensen	K	08	21 045	1 497 381
Prøvetid	Thor Bekkavik	K	08	1 216	40 935
Fritt Vilt II	Mats Stenberg	M	08	267 908	21 946 855
I et speil i en gåte	Jesper W. Nielsen	K	08	26 288	1 666 448
Fatso	Stephan Hergel	K	08	141 951	10 808 718
Bak fasaden	Arild Frølich	K	08	1 580	128 595
Kurt flir grusom*	Rasmus Sivertsen	K	08	99 463	5 703 980
Max Manus	J Rønning/E Sandberg	K	08	403 557	34 783 168
Sommerhuset	Ole Giæver	K	08	1 080	73 927
Totalt				2 594 923	200 117 436

Kilde: Film & Kino 2008.

Forklaring til tabell: Rødt = barne- og ungdomsfilm, blå = dokumentar, grønt = kortfilm el novelleformat, * = animasjon

4.1 Besøktall, marknadsandel og billettinntekter

Besøktall

Besøket på de norske filmene i 2008 oppgis av Film & Kino til 2 658 655. Besøket i 2008 ligger dermed ca. 878 000 eller 49 prosent høyere enn i 2007.

Ikkje sida 1975 har norske filmar samla så stort publikum. I "det store Flåklypa-året" kom besøket på norske filmar opp i vel 3,8 millioner besøk (3 810 314). Samanlikningar med 1975 trengjer imidlertid å settes i et visst perspektiv:

Totalbesøket på kino var vel 18 millioner i 1975, i 2008 gikk 11,8 millioner nordmenn på kino. Det potensielle marknaden (målt i kinogjengerer) har altså skrumpet med vel en tredel (34,4 %).

I 1975 fantes det 451 kinoar med i alt 143 000 sitteplassar i Norge. Ved utgangen av 2007 var det 229 kinoar med ca. 82 000 seter disponible. Salskanalen, i form av disponible kinoseter, har blitt redusert med over 40 prosent (43,7 %), og antall lerreter er redusert til den halve (- 49,2 %). Filmimporten, målt i antall titlar, har derimot bare sunket med ca. ti prosent (10,3 %). Kampen om plass på lerreta har dermed blitt vesentlig sterkare, ikkje minst siden også kopiantallet per tittel har økt betydelig over disse 33 årene.

Besøket på norske filmar fikk et kraftig, men nokså kortvarig oppsving midt på 1970-tallet, dels som følge av en serie populær filmar (*Bør Børson jr.*, *Den siste Fleksnes*, *Olsen-bandet møter Kongen* og *Knekten, Ungen i 1974*;

Flåklypa Grand Prix, Hustruer, Olsen-bandens siste bedrifter, Skraphandlerne i 1975)⁴, dels som følge av en kraftig auke i antallet norske filmer (tolv i 1973, elleve i 1974, 14 i 1975 og tolv i 1976), samanlikna med årene før og etter.

Det fantes ikkje video i 1975, og den eneste tilgjengelige fjernsynskanalen, NRK, sendte bare en til to spelefilmer per uke – hvorav ca. en tidel var norske. I 2008 ble det på grossistleddet omsatt for ca. en milliard i kjøpe-DVD'er og ca. 130-140 millioner i leiemarknaden (tall frå release.no); på detaljleddet kan dette tilsvare en omsetning på nær tre milliardar kroner, eller 25-30 millioner enkelttransaksjoner. Vi kjenner ikkje det samla omfanget av visningar av spelefilmer på ulike fjernsynskanalar som sjåast i Norge.

I en slik sammenheng kan det være god grunn til å hevde at kinobesøket på norske filmer i 2008 langt på vei er like imponerende som det var i rekordåret 1975.

Marknadsandel – ny rekord

Tidsskriftet Film & Kino har frå 1960 publisert statistikk for norske filmers marknadsandel per år. Bare ein gang i perioden siden registreringa starta, har norske filmers marknadsandel oversteget 20 prosent. Det var i 1975, da "Flåklypa-effekten" sendte besøket på norske filmer opp i 20,7 prosent av totalbesøket. Når norske filmer i 2008 har nådd en marknadsandel på 22,4 prosent, er det derfor all grunn til å utrope dette som ny rekord.

Tabell 4.2 a) Markedsandel på norske filmer 1999-2008

1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
8,8 %	6,1 %	14,9 %	7,4 %	18,2 %	14,9 %	12,2 %	16,1 %	16,4 %	22,4 %

Kilde: Film & Kino årbok, 2008

Billettinntektsrekord

Film & Kino har registrert et billettsal til norske filmer i 2008 på snaut 203 millionar kroner. Dette er 87,5 millionar eller 76 prosent meir enn tilsvarande tall for 2007 (115,5 millionar). Det er i tillegg 69,1 millioner eller 52 prosent høgare enn førre omsetningsrekord i 2003 (134 millioner).

Tabell 4.2 b) Billettinntekter norske filmer 1999-2008

	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Bill inntekter	42	34	100	48	134	107	98	130	115	203
Markedsandel, norske filmer, etter billettinntekter	7,3 %	5,6 %	14,5 %	6,7 %	16,4 %	13,7 %	12,5 %	15,3 %	14,6 %	22,1 %

Kilde: Film & Kino, 2008 - Omsetningstall i hele millioner

⁴ 1975 er ikke komplett uten at det også nevnes filmer som Sverre Udnæs' *Fru Inger til Østråt*, eller Oddvar Bull Tuhus' *Streik!* og Sølve Skagen/Malte Wadmanns *Hvem eier Tyssedal?* Flere andre filmhistorisk viktige, men mindre publikumsattraktive, filmer frå midt på 1970-tallet kunne også fremheves.

Ringvirkninger

Et sterkt norsk film år forplantar seg utover i hele verdikjeden i bransjen:

Norske kinoar kan notere seg en samla besøksauking på 1 053 749 (+ 9,7 %) i 2008. Besøksaukinga på norske filmar aleine var på 880 000 og utgjør 80 prosent av den samla besøksaukinga på kino i 2008. Det er all grunn til å slutte seg til observasjonen i Film & Kinos pressemelding ved årsskiftet om at "årsaken til det gode besøket på norske kinoer i 2008 er først og fremst at norske filmer har gjort det så godt".

Sterke norske filmar har også betyding for norske filmdistributørar. For enkelte distributørar er det de norske filmene som jevnlig topper deres omsetningslister. I 2008 var Nordisk filmdistribusjons to toppfilm *Max Manus* og *Fritt vilt II*; Sandrews Metronome hadde *Kautokeino-opprøret* som sin nest beste film, og SF-Norge *Lange flate baller II* som sin nest beste. I tillegg er en rekke distributørar – i større eller mindre grad – integrert med DVD-distributørane av de same filmene.

Også for produksjonssida har et sterkt filmår betyding: Ein går ofte ut i frå at produsenten står tilbake med nær 30 prosent av billettinntektene på kino. Med en omsetning på 203 millioner kroner vil kinovisninger alene ha tilført norske filmprodusentar i overkant av 61 millioner kroner i 2008, eit beløp som svarer til litt i overkant av ein firedel av det statlege tilskottet til spillefilmproduksjon.

Samtidig kan 2008-tallene sjåast som uttrykk for en generell, strukturell styrking av den norske filmbransjen.

"Annerledeslandet"

I snitt oppnådde norske spelefilm på kino i 2008 143 004 besøk (basert på 23 filmar).

En studie frå European Audiovisual Observatory frå august 2008, viser at i det europeiske kinomarknaden står 2,5 prosent av de nasjonale filmene for 50 prosent av besøket. I Noreg er det snarare tvert om: For å nå opp i halvparten av besøket i 2008, trengs – rekna etter snittbesøket – vel en tredel (36,2 %) av alle norske filmar som ble sluppe på kinomarknaden. De norske filmene appellerer altså vesentlig breiare i publikumsbasen enn europeiske filmar generelt.

Ennå mer uttalt blir forskjellen til europeiske filmar om man sammenlikna gjennomsnittlig besøk per tittel. I et utval europeiske spelefilm (ca. 5 500 titlar frå 20 land, produsert i perioden 2001-2007) låg snittbesøket på snaut 35 500 (utanlandske marknader inkludert). Gjennomsnittlig besøk på norske spelefilm – utelukkande i Noreg – var i overkant av tre gangar så høgt i 2008. De norske filmene fremstår dermed som langt mindre avhengige av de store blockbusterane for å oppnå gode samanlagte resultat enn europeiske filmar generelt.

Norske filmar når altså vesentlig breiare ut til publikum, og når frem til et langt større publikum per film, enn gjennomsnittet av europeiske filmar.

Stabilisering og styrking

Også i en norsk samanheng er snittbesøket interessant. Sammenlikna med siste rekordår, 2003, da snittbesøket lå på 133 111 per tittel, ligger snittet i 2008 høyere og antyder dermed en økt stabilitet i den generelle interessen for norske filmer over disse fem årene.

Samtidig styrker toppen av besøkspyramiden seg: elleve av filmene i 2008 hadde et besøk på over 100 000. Av disse har én film nådd over 400 000 i 2008 (*Max Manus* – 403 557)⁵, ein ligger i området rundt 350 000

⁵ *Max Manus* haldt fram med sterke besøkstal også i 2009. Sidan dei øvrige tala i statistikken avgrensar seg til kalenderåret 2008, er besøket i 2009 (over 750.000) ikkje rekna med her.

(*Kautokeino-opprøret* – 343 889) og to ligger over 250 000 (*Lange flate ballær II* – 293 057 og *Fritt vilt II* – 267 908).

I 2007 låg sju filmar over 100 000 besøk, i 2006 åtte, i 2005 sju.

Styrken i den norske filmproduksjonen i 2008 gjenspeiler seg dessutan i dens evne til å konkurrere med utanlandske produksjonar: To norske filmar plasserte seg blant fjorårets topp fem (*Max Manus*, *Kautokeino-opprøret*), tre blant topp ti (i tillegg til de to nemnte *Lange flate ballær II*) og fem blant topp 20 (*Fritt vilt II* og *Mannen som elsket Yngve* i tillegg til de nemnte).

I 2007 plasserte fire norske filmar seg på Topp-20-listen, i 2006 fem og i 2005 fire filmar. Bare ein gang i løpet av disse årene har en norsk film plassert seg på Topp-5-listen (*Elsk meg i morgen* i 2005).

4.2 Samproduksjoner, barne- og dokumentarfilm

Samproduksjonar

Også for norske minoritets samproduksjonar har 2008 vært et godt år. Titlane *Arn – Riket ved veiens ende*, *Du levande*, *Jungeldyret Hugo på ville veier* og *Maria Larssons eviga ögonblick* viser ein interessant balanse mellom det kunstnarisk ambisiøse og det kommersielt anlagde: To Oscar-nominerte filmar (ein av dei vann Nordisk Råds filmpris), ein barnefilm og eit historisk action-epos. Profilen viser at norske filmprodusentar er i stand til å knytte seg til både de store publikumssuksessane og de anerkjente kvalitetsprosjekta i våre naboland.

Til saman trakk de fire minoritets samproduksjonane i 2008 vel en kvart million⁶ menneske til norske kinoar. Legger vi dette besøket til dei som så årets norske filmar, har nesten 2,9 millionar personar sett filmar av norsk opphav eller med norsk medvirkning på kino i Norge i 2008.

Barnefilm

Med bare to uttalte barnefilmar skilder 2008 seg – dessverre negativt – ut frå tidligare år. Utslaget i besøksstatistikken for barnefilm skyldes likevel ikkje filmene sjølv. Med vel 280 000 besøk til saman står *SOS Svartskjær* (157 323), *Kurt blir grusom* (99 463) og *I et speil i en gåte* (26 288) kvar for seg ikkje vesentlig tilbake for resultatata frå tidligare års barnefilmar.

Snarare er det talet på filmar som gjør at 2008 ikkje viser same styrke på barnefilmfeltet som tidligare. Etter beskjeden barnefilmproduksjon på slutten av 1990-tallet og de første årene på 2000-tallet, tok produksjonen seg tydelig opp frå og med 2003. Ein må tru at kombinasjonen av 100 prosent billettstøtte og marknadsstøtteordninga (innført 2002) utgjorde en vesentlig impuls til å styrke produksjonen av barnefilm.

⁶ Rett nok skyldes deler av dette besøket også suksessen for den første *Arn*-filmen, som hadde premiere i Norge før jul 2007 og dermed trakk besøk langt inn i 2008.

Tabell 4.3 a) Barne- og ungdomsfilmer 2003-2008

	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Antall filmer	5	4	4	4	5	3
Samlet besøk	978 079	795 258	334 766	703 227	768 036	283 142
Titler medregnet	<i>Olsenbanden jr. går under vann, Ulvesommer, Lille frk. Norge, Fia og klovnene, Kaptein Sabeltann</i>	<i>Bare Bea, Olsenbanden jr. på rocker'n, Ikke naken, Gråtass</i>	<i>Venner for livet, Nå skal du høre, Ønskebrønnen og andre historier, Tommys inferno</i>	<i>Pitbullterje, Olsenbanden jr. på Cirkus, Svein og rotta, Trigger</i>	<i>Olsenbanden jr. og sølvgruvens hemmelighet, Elias og kongeskipet, Svein og rotta og UFO-mysteriet, Radiopiratene, Titanics ti liv</i>	<i>SOS Svartskjær, Kurt blir grusom, I et speil i en gåte</i>

Til tross for tilsynelatende stabilt produksjonsvolum av barne- og ungdomsfilm i perioden 2003-2007 viser tabellen likevel at fråværet av velprøvde og velkjente sjangerfilmer, tydeligast eksemplifisert ved Olsenbanden jr.-filmene (snittbesøk på fire filmar 2003-2007: 330 038), er av vesentlig betydning for det samla resultatet for barnefilmene.

Dokumentarfilm

Også årets kinodokumentarer viser et noe svakt resultat. Totalt har *Blod og ære* (7 078), 99 % ærlig (11 987) og *Prøvetid* (1 080) hatt vel 20 000 besøk (20 145) i 2008.

Dels må forklaringa søkes i et lavt antall dokumentarfilmer – bare en gang tidligare, i 2003, har det vært vist færre dokumentarfilmer på kino i Norge på 2000-tallet, og to år (2002, 2007) i denne perioden har det vært ikkje mindre enn sju dokumentarfilmer på kinoprogrammet.

Dels må det også noterast at dokumentarfilmer generelt har et langt lavere besøk enn spillefilm. Av 34 kinodokumentarer i perioden 2000-2008 har bare 13 nådd over 20 000 besøk, og bare seks over 30 000 besøk.

4.3 Marknadsdel for norske filmar på klikkefilm og dvd

Marknadsandel norske filmar på klikkefilm

På dette området finst ikkje statistikk, korkje nasjonalt eller internasjonalt. Sett bort frå www.filmarkivet.no er det få norske filmar ute i klikkefilmtjenestene i Norge. Desse kommersielle tenestene har "norske filmer" som kategori, men ingen av desse gir påsynstall for klikkefilm, korkje i Norge eller Norden.

Marknadsdel for norske filmar på DVD marknaden 2005-2008

Veiviseren [2006-2007], anslår at marknadsdelen i 2005 for kjøpefilm var ca. 7,2 prosent og 5,2 prosent for leigefilm (Undersøking frå videodistributørane KKD 2006:25). Tilsvarande tall for dei neste åra er meir usikre. Likevel viser tala for kjøpefilm ein sterk vekst frem til 2006. Film & Kino vurderer at marknadsdelen for norske

filmar generelt for åra fram til 2008 er +/- 5 %. I mangel av tilfredsstillande statistikk for videoomsetning kan ein setje opp to hypotetiske anslag, basert på grunndata frå Veiviseren [2006-2007], sjå tabell 4.4 a)

Tabell 4.4 a) Anslag omsetning for norske filmar på dvd-marknaden 2006-2008 (to hypotesar)

	Anslått totalomsetning, ant. titler	Hypotese 5,2 %	Hypotese < 5 %
2006	20 000 000	1 040 000	= > 1 000 000
2007	22 000 000	1 144 000	= > 1 100 000
2008	18 000 000	936 000	= > 900 000

Kjelder: Film & Kino 2007, Veiviseren [2006-2007].

4.4 Eksport av film og TV-drama

Arbeidet med å auke eksporten av norsk film og TV-drama er styrkt ved å sikte inn mot rett festival og marknad for den einkilde produksjonen. Dette skjer i god dialog mellom bransjen – spesielt salsagentane – og den nye lanseringsavdelinga i Norsk filminstitutt.

Tala i rapporten under er henta frå en rapport utarbeidet av PwC på oppdrag frå NFI. Tala baserer seg på den tilbakemeldinga produsentane har gitt om kinofilm med premiere i perioden 2002-2007. Informasjonen er knytt til kven som er salsagent for filmen, kva marknader filmane er selde til og kva for inntekt salet har gitt.

Ikkje alle norske filmar har internasjonal salsagent. Dette betyr at dei i mindre grad er til stades på viktige filmmarknader som Berlin, Cannes og American Film Market. Sal av spillefilm utanfor Norden skjer i liten grad utan salsagent, men desse filmane kan likevel i nokon grad selje på den nordiske marknaden.

Eksport av norsk film 2002-2007

Totalt 22 filmar hadde premiere i 2007. 18 prosent av desse vart selde berre til Norden, og 64 prosent av filmane vart selde til Norden og land utanfor Norden. 18 prosent ble ikkje eksportert i det hele tatt.

Sju av filmane var dokumentarfilm.


Sju hadde inntekter på over 1 million kroner frå utlandssal da kartlegginga vart gjennomført (januar 2009). Samla eksportverdi av norsk kinofilm i 2007 var 21,7 millionar kroner. Av dette er 13,5 millionar kroner (62 %) førehandssal og 8,2 millionar kroner (38 %) etterhandssal. Dokumentarfilmane hadde samla inntekter frå utlandssal på 1,3 millionar kroner. Av dei 22 filmane har sju ingen salsagent (36 %) og seks av filmane brukte salsagenter utanfor Norden (23 %).

Utvikling i utlandssalet av kinofilm

Salsinntektene frå utlandssal varierer frå år til år, men som figur 4.5 a) viser, har det vore ein positiv trend dei siste åra. Den årlege vekstraten (CAGR) har vore på 24 prosent sidan 2002, og det totale salet har meir enn dobla seg i perioden. Auken frå 2006 har vore på 11 prosent. Det er viktig å understreke at valutaendringar vil

påverke dei nominelle salsinntektene, sidan dei blir utbetalte i utanlandsk valuta (primært USD og Euro)⁷. Førehandsal indikerer i kva grad utanlandske aktørar har tru på norsk film og kjøper produksjonar før filmen er ferdigstilt.

Figur 4.5 a) Utenlandssalg kinofilm



Etterhandssalet blir primært utløyyst av sal gjort av salsagent etter at filmen er vist på festivalar eller filmmarknader.

Den positive utviklinga er i stor grad knytt til ein monaleg auke i førehandsalet. Medan

etterhandssalet har vokse med ei årleg vekstrate på 6 prosent i perioden, har førehandsalet vokse med ei vekstrate på 69 prosent per år.

Fordeling av førehandsal og etterhandssal varierer i perioden, men de siste fire årene, har delen frå førehandsal vore større enn etterhandssalet.


Opplysningar om enkeltsal til utlandet går ikkje fram av PwC-rapporten og blir som regel i ein viss grad halde hemmeleg. Tal som det franske bransjemagasinet "L'Écran total" har lagt fram (mai 2009), kan likevel setje PwCs globale tal i eit visst perspektiv: I alt tre norske filmar vart importerte til Frankrike i 2008. *Kunsten å tenke negativt* vart selt for vel USD 146 000, medan *O'Horten* gjekk for ca. USD 80 000 og *Reprise* for ca. USD 24 000. Desse summene går så til salsagenten, som normalt tar 25 prosent provisjon, ofte også et overhead-gebyr. Inntektene tilbake til norsk produsent vil derfor vere vesentleg lågare. Dei same tre filmene hadde per 31. mars 2009 eit samla besøk på snautt 39 000 i Frankrike, der de vart distribuerte i til saman 75 kopiar.

Utvikling i gjennomsnittssal per film og filmar med omsetnad over 1 MNOK (2002-2007)

Figur 4.5 b) viser ei positiv utvikling i gjennomsnittsprisen per film. For 2006 og 2007 var gjennomsnittspris per film rett under 1 million kroner. Utviklinga i talet på filmar med salsinntekter på over 1 million kroner har også auka i perioden. Figur 4.5 b) viser at 2006 hadde ein større del (40 %) filmar med sal over 1 million kroner samanlikna med 2007 (32 %). Dette heng saman med at to filmar i 2007 førebels ligg like under grensa på 1 million kroner.

⁷ Norges Bank sine årsgjennomsnitt lagt til grunn for valutakursene

Figur 4.5 b) Snittsalg pr film og andel filmer over 1 MNOK



Utlandssal av andre format

Norsk filminstitutt har estimert at bruttoinntekter relatert tilsal av kortfilm årleg ligg på rundt 1,5 millionar kroner. Av dette går om lag 80 prosent (1,2 million kroner) til produsentane.

Tabell 4.5 a) Eksport 2007

Samlet eksport 2007	NOK
Spillefilm	21,7 mill
Dokumentarfilm	3,2 mill
Kortfilm	1,2 mill
Total eksport av film	26,1 mill

Dokumentarfilm er den filmformen som i størst grad blir seld på førehand som ein del av finansieringa. For 2006 estimerte PwC saman med Utlandsavdelinga årleg nettoeksport av norsk dokumentarfilm til rundt 3 millionar norske kroner (eksklusiv film for kinovisningar og førehandssal). I 2007 var produksjonen av dokumentarfilm noko høgare enn i 2006, og fleire filmar har fått salsagent.

Utlandsavdelinga peiker også på at filmskaparar i større grad er aktive i marknaden og sel filmane sjøve. Dette gjer til at estimatet blir justert opp til 3,2 millionar kroner. I tillegg blir fjernsynsprogram og arkivmaterieil selde frå NRK og TV2 til utlandet, men dette er ikkje inkludert i denne gjennomgangen. Sal av norskprodusert reklame- og oppdragsfilm til utlandet er heller ikkje inkludert.


Ut frå desse føresetnadene var den samla eksporten av norsk film i 2007 på 26,1 millionar kroner.

Utviklinga i høve til politiske målsettingar

Dersom ein ser på dei politiske ambisjonane som blir lag til grunn i Veiviseren [2006-2007], skal norsk langfilms eksportverdi vere dobla i 2010 i forhold til 2005. Ei dobling av eksporten vil utgjere rundt 32 millioner kroner i 2010. Dette representerer ei årleg vekstrate på 15 prosent.

Veksten frå 2005 til 2006 var på 24 prosent, som var godt over målsetninga. Frå 2006 til 2007 var veksten ni prosent. Til tross for dette har auken i 2006 ført til at eksportinntektene for norsk film aukar raskare enn den politiske ambisjonen⁸. For å halde nå målsettinga i perioden, bør eksportverdien på norsk film auke med 2,6 millionar kroner frå 2007 til 2008.

Figur 4.5 c) Utvikling eksportverdi



Utvikling utlandssal kinofilm

Tabell 4.5 b) Utvikling utenlandssalg kinofilm. (omsetningstall oppgitt i millioner kroner)

	2002	2003	2004	2005	2006	2007
Inntekter utlandssal	7,4	8,1	13,1	16,2	19,9	21,7
Førehandssal	1,0	1,5	7	11,6	10,2	13,5
Etterhandssal	6,4	6,6	6,0	4,6	9,7	8,1
Antall sal > 1 MNOK	1	3	4	5	8	7
Salgsinntekt per film	0,493	0,476	0,769	0,853	0,994	0,986

Kjelde: PwC "Eksport av norske filmer 2002-2007".

5. Delmål 2: Kvalitet og mangfold

40 prosent kvinner og menn i nøkkelposisjonar innan 2010. Nøkkelposisjonane er definerte som regissør, produsent og manusforfattar.

5.1 Kjønnfordeling

For å stimulere til fleire kvinner i leiande funksjoner i norsk filmproduksjon innførte Norsk filmfond i 2006 ein eigen utviklingspott for langfilm, kalla Signatur K. Produksjonsselskap er her inviterte til å søkje om tilskott på vilkår av at prosjekta har kvinner i minst to av tre nøkkelposisjonar: manusforfattar, regissør og ansvarlig

⁸ Årlig vekstrate for perioden 2005-2007 er 17%, noe som er 2% bedre enn den politiske målsetningen

produsent. I tillegg bør prosjekta helst ha ei kvinne i ei leiande hovudrolle. Programmet vart ført vidare av Norsk filminstitutt, men vart ble vedteke lagt ned i løpet av året sidan resultatane ikkje svarte til forventningane.

Veiviseren [2006-2007] definerer klare mål at det i norske filmproduksjon skal være minst 40 prosent av begge kjønn i nøkkelroller innan 2010. Ei rein kvotering av kvinner er i strid med eksisterande forskrift, og .

Ein gjennomgang av tildelingane dei siste åra viser at det ikkje går føre seg ei forfordeling av kvinner ved tildelingar, men at det er færre kvinner som søker. Nye tal frå filmskolane viser også at kvinneandelen går ned . I denne samanhengen er det viktig å minne om at heile filmbransjen må vere med å skape attraktive arbeidsplassar og eit godt arbeidsmiljø for begge kjønn.

5.1.1 Kjønnfordeling på premiefilmar 2007 og 2008

Nøkkelposisjonane regi, manus og produsent på årets premiefilmar viser ein total kvinnedel på 15 prosent. Dette er ein nedgang frå 2007 da kvinnedelen var 23 prosent. Produsentposisjonen har den største kvinnedelen både i 2007 og 2008, med høvesvis 25 prosent og 24 prosent. Manusforfatterposisjonen viser ein auke i kvinnedel frå ni prosent i 2007 til 13 prosent i 2008. Regissørposisjonen viser en nedgang frå 2007 da kvinnedelen var 34 prosent til 9 prosent i 2008.

Tabell 5.1.1 a) Prosentandelen kvinner i premiefilmar, 2007 og 2008

	Regi		Manus		Produsent		Total	
	2007	2008	2007	2008	2007	2008	2007	2008
Langfilm	34 %	9 %	9 %	13 %	25 %	24 %	23 %	15 %

Det er ei klar målsetting for NFI å setje fokuset på kvinner i nøkkelroller for alle sjangrar fram til 2012. Arbeidet vil ikkje lenger være knytt til éi ordning, men fokusere på kvinner i alle samanhenger frå idé til ferdig film. NFI vil jobbe aktivt med bransjen og ta ein tydelig rolle på møter, seminar, paneldebattar og kontakt med media.

5.1.2 Kjønnfordeling i søknadsmassen

Tabellane 5.1.2 a) - e) viser prosentfordelinga mellom menn og kvinner i de ulike tilskottskategoriene langfilm, dokumentarfilm, tv-drama, kortfilm og interaktive produksjonar. Merk at tabell 5.1.2 a) inkluderer dokumentarfilm for kino, samproduksjonar, konsulent- og marknadsvurdert langfilm. Prosenttalet under *søkt* er kjønnsdel i det totale talet på handsama søknader i 2008, altså delen kvinner og menn som har søkt tilskott, uavhengig av vedtak. Prosenttalet under *tildelt* er kjønnfordeling berre i prosjekt med tildelt tilskott, altså delen kvinner og menn som har fått tilskott i 2008. Merk at tabellane inkluderar utviklingstilskott, produksjonstilskott, lansering- og billettstøtte.

Tabellane 5.1.2 a) - e) viser at kvinnedelen i den totale søknadsmassen er omtrent proporsjonal med kvinnedelen i prosjekta som fekk tildelt tilskott i 2008. Kvinnedelen i søknadsmassen for langfilm er 27 prosent, og kvinnedelen i prosjekter som fikk tilskott er også 27 prosent. Søknadene for tilskott til dokumentarfilm viser den største kvinnedelen både i søknadsmassen og i tildelingar, med høvesvis 47 og 51 prosent.

Tabell 5.1.2 a) Langfilm: kjønnsfordeling på søknader og tildelinger 2008 (oppgitt i prosent)

	Regissør		Manusforfatter		Produsent		Totalt	
	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt
Kvinner	25	24	25	25	32	32	27	27
Menn	75	76	75	75	68	68	73	73

Tabell 5.1.2 b) Dokumentarfilm: kjønnsfordeling på søknader og tildelinger 2008 (oppgitt i prosent)

	Regissør		Manusforfatter		Produsent		Totalt	
	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt
Kvinner	48	51	53	55	41	48	47	51
Menn	52	49	47	45	59	52	53	49

Tabell 5.1.2 c) Tv-drama: kjønnsfordeling på søknader og tildelinger 2008 (oppgitt i prosent)

	Regissør		Manusforfatter		Produsent		Totalt	
	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt
Kvinner	15	18	20	23	25	29	20	23
Menn	85	82	80	77	75	71	80	77

Tabell 5.1.2 d) Kortfilm: kjønnsfordeling på søknader og tildelinger 2008 (oppgitt i prosent)

	Regissør		Manusforfatter		Produsent		Totalt	
	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt
Kvinner	29	34	33	37	31	39	32	36
Menn	71	66	67	63	69	61	68	64


Tabell 5.1.2 e) Interaktive produksjoner: kjønnsfordeling på søknader og tildelinger 2008 (oppgitt i prosent)

	Regissør		Manusforfatter		Produsent		Totalt	
	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt	Søkt	Tildelt
Kvinner	28	25	n/a*	n/a*	28	25	9	9
Menn	72	75	n/a*	n/a*	72	75	91	91

* n/a – interaktive produksjoner består av to nøkkelposisjoner, regissør og produsent.

Figur 5.1.2 a) viser kjønnsfordeling på det totale talet på tildelinger i de fem tilskottskategoriene langfilm, kortfilm, dokumentar og interaktive produksjoner. Totalt er det 34 prosent kvinner og 66 prosent menn i de tre nøkkelposisjonene regi, manus og produsent.

Figur 5.1.2 a) Kjønnfordeling i sentrale funksjoner, samlet for de fem tilskottskategoriene




Langfilm etter marknadsvurdering

Tilskott etter marknadsvurdering er ei vurderingsordning, der tildelingar blant anna blir gjort etter forventa publikumsbesøk. I 2008 var det totalt 22 søknader om produksjonstilskott etter marknadsvurdering, og sju av desse fekk løyvd tilskott. I den totale søknadsmassen var det menn i 53 og kvinner i 13 av dei totalt 66 nøkkelposisjonane. Det svarar til ein kvinnedel på 19,7 prosent. Av dei søknadene som fekk løyvd tilskott var det 19 menn og to kvinner i nøkkelposisjonar. Altså fikk 35 prosent av mennene som søkte produksjonstilskott etter marknadsvurdering tilskott. Kvinner utgjorde 13 av de 66 posisjonane, to av dei fikk innvilget tilskott. Altså fikk 15 prosent av kvinnene som søkte, tilskott.


Av det totale antall tildelingar etter marknadsvurdering i 2008 innehar kvinner 9 prosent (to stk.) av nøkkelposisjonane. Menn innehar 91 prosent (19 stk.) av nøkkelposisjonane, sjå tabell 5.1.2 c).

Tabell 5.1.2 b) viser kjønnsforholdet mellom den samla søknadsmassen og løyvd tilskott.

Figur 5.1.2 b) Kjønnfordeling på søknader og tilskott ved markeds vurdering



Figur 5.1.2 c) Kjønnfordeling på tildelinger etter markeds vurdering (opp gitt i prosent)



5.2 Geografisk spredning

Eit mangfald i uttrykksform, produksjonskostnad og målgrupper basert på sterke filmmiljø i alle delar av landet.

5.2.1 Geografisk spreing i premierefilm 2008

Tabell 5.2.1 a) viser den geografiske spreinga på innspelingstader og produksjonsselskapas heimekommune for årets premierefilm. Fylkesgrenser og postens postnummersystem er brukt som mål. Oslo og Akershus er her slått saman til ein kategori. *Utlandet* er definert som alle produksjonsselskap/innspelingstader med adresse utanfor Norge. For innspelingstad er det tatt utgangspunkt i der hovuddelen av innspelinga vart gjort.

Innspelingstader for langfilmene i 2008 fordelte seg rimeleg godt geografisk. Av 23 langfilmene hadde ti handling som heilt eller delvis utspant seg utanfor Oslo og Akershus. Av desse er det igjen fire filmar som har eit klart regionalt utspring – *Kautokeino-opprøret*, *Lange flate ballær II*, *Varg Veum – Falne engler* og *Bak fasaden*. "Annet" inkluderer *Fritt Vilt II* med innspeling i Jotunheimen, *Blod og Ære* med innspeling mange ulike stader, og *Kurt bli grusom* som er en animasjonsfilm.

Spreinga i heimekommunane til produksjonsselskapa er ikkje like god. 20 av filmene er produsert av selskap med adresse i Oslo og Akershus, ein med adresse på Østlandet, ein på Sørlandet og ein i Midt-Noreg.


Tabell 5.2.1 a) Geografisk spredning

Innspelingstader		Produksjonsselskapets heimekommune	
Oslo og Akershus	13	Oslo og Akershus	20
Vestlandet	3	Vestlandet	0
Østlandet	1	Østlandet	1
Sørlandet	1	Sørlandet	1
Midt-Noreg	0	Midt-Norge	1
Nord-Noreg	2	Nord-Norge	0
Utlandet	0	Utlandet	0
Annet	3	Anna	0

5.2.2 Geografisk spreing i tildelingar

Figur 5.2.2 a) illustrerer geografisk spreing i løyvde tilskotta i 2008. Geografisk spreing er målt gjennom produksjonsselskapets heimekommune. Figuren viser at hovudtyngda av produksjonsselskapa ligg i Oslo og Akershus. Vidare har Vestlandet ein relativt stor del med sammenlagt 30 tilskott. Etter det følger Østlandet og Nord-Norge begge med 27 tilskott i løpet av 2008. Sørlandet og Midt-Norge har lågast tal på tilskott, med høvesvis to og sju. Dokumentarfilm har størst geografisk spreing i tildelte tilskott. Sjå også tabell 5.2.2 a) for tall som ligg til grunn for figur 5.2.2 a).

Figur 5.2.2 a) Geografisk spreing av tilskott innan fem kategoriar basert på produksjonsselskapets heimkommune.



Tabell 5.2.2 a) Geografisk spreing av tilskott innan fem kategoriar, som i figur 5.2.2 a)

	Oslo og Akershus	Vestlandet	Sørlandet	Østlandet	Midt Norge	Nord Norge	Utlandet
Langfilm	143	5	0	11	1	5	1
Dokumentarfilm	74	10	1	12	3	14	0
Tv-drama	15	1	0	0	2	0	0
Kortfilm	45	6	0	2	1	8	0
Interaktive Prod.	7	2	1	2	0	0	0

5.3 Mangfald i uttryksform

Av dei 14 langfilmene med produksjonstilskott var sju etter konsulentvurdering og sju etter marknadsvurdering. 50 prosent av de 14 langfilmene hadde ein produksjonskostnad på mellom 17 og 20 mill. Ingen av filmene hadde produksjonskostnad over 50 millionar kroner, sjå tabell 5.3 a). Målgruppene for dei 14 filmene fordeler seg med 21 prosent for ungdom, 29 prosent for barn og 50 prosent for vaksne, sjå tabell 5.3 b). Tre sjangrar er representerte i dei 14 filmene; drama (72 %), thriller (7 %) og skrekk (21 %), sjå tabell 5.3 c).

Tabell 5.3 a) Produksjonstilskott langfilm 2008: produksjonskostnad

Produksjonskostnad	Antall	Andel
0-10 mill	1	(7 %)
10-13 mill	1	(7 %)
13-17 mill	2	(14 %)
17-20 mill	7	(50 %)
20-30 mill	1	(7 %)
30 - 50 mill	2	(14 %)
50-100 mill	0	(0 %)

Tabell 5.3 b) Målgrupper

Målgrupper		
Barn	4	(29 %)
Ungdom	3	(21 %)
Voksne	7	(50 %)

Tabell 5.3 c) Sjanger

Sjanger		
Drama	10	(72 %)
Thriller	1	(7 %)
Skrekk	3	(21 %)

5.3.1 Målsetting internasjonale priser

Norske kort- og langfilmer, dokumentarer og tv-drama skal konkurrere om viktige internasjonale priser.

I alt har 33 norske produksjoner vunne 49 priser på internasjonale festivaler i 2008, sjå tabell 5.3.1 a). Konkurransen om å bli tatt ut og aller best, vinna pris på festival, er blitt hardare. Internasjonalt blir det produsert stadig fleire filmar i mange sjangrar, med god kvalitet. Nye land og produksjonsmiljø kjem til, og sjølv om skandinavisk film har godt omdømme, vert nålauga for festivaluttak stadig trongare. Mange av dei største festivalane krev også at filmene legg verdspremieren til deira festival. Også visning på norsk festival vert rekna som verdspremiere og gjer filmen uaktuell for visning i konkurranse på prestisjefestivalar som til dømes Cannes og Berlin.

Mange av dei norske kortfilmene er lange i høve til standard på festivalane, ofte opp i 40 minuttar. Desse filmene fungerer godt for talentutviklinga, og mange kortfilmregissørar går over på spelefilm. Men dei lange filmene slit ofte med å få innpass i festivalprogramma.

Tabell 5.3.1 a) Festivaldeltakelse og priser: langfilm, kortfilm og dokumentarfilm 2008

Kategori/filmtittel	Regissør	Festival	Internasjonal pris
SPELEFILM - 12 norske spillefilmer vant i alt 22 priser			
Blodsband	Marius Holst	International Summerfest Film Durrës, Albania	Juryens spesialpris
De usynlige	Erik Poppe	Hamptons International Film Festival, USA	Beste spelefilm Publikum prisen
Kautokeino-opprøret	Nils Gaup	Nordic Film Days, Lübeck, Tyskland	Publikumsprisen
Kunsten å tenke negativt	Bård Breien	Tsjekkia	Beste utenlandske film
Mannen som elsket Yngve	Stian Kristiansen	Nordic Film Days, Lübeck, Tyskland	NDR-prisen (Main Award)
		Just Film Festival, Tallinn	Ungdomsfilmprisen
Pitbullterje	Arild Fröhlich	Moskva barnefilmfestival	
Sos svartskjær	Arne Lindtner Næss	Nordic Film Days, Lübeck, Tyskland	Beste film frå barnefilmjuryen
		24. Internasjonal barnefilmfestivalen i Oulu, Finland	Beste barnefilm
Switch	Ole Martin Hafsmo	Stockholm Junior Film Festival,	Hederlig omtale frå

Kategori/filmtittel	Regissør	Festival	Internasjonal pris
		Sverige	barnefilmjuryen
Rovdyr	Patrik Sjuersen	Weekend de la Peur, Frankrike Fantastic Film Festival of the University of Málaga, Spain	Audience Award Best Actress to Henriette Brusgaard
Titanics ti liv	Grethe Bøe	Berlin International Film Festival, Generation, Tyskland Barne- og ungdomsfilmfestivalen i Malmø (BUFF), Sverige Cinekid, Nederland Chicago International Children's Film Festival, USA	Hederlig omtale Barne- og ungdomsfilmprisen MovieSquad Junior Award: Beste film (barnefilmjuryen) * Beste film (barnefilmjuryen)
Lønsj	Eva Sørhaug	Internasjonale filmfestivalen i Bahamas Internasjonale filmfestivalen i Bratislava	The New Vision Award The Slovak Television Award
KORTFILM - 12 kortfilmer henta i alt 17 priser			
Bawke	Hisham Zaman	Manchester Kurdish film Festival Manchester Kurdish Film Festival	Best Film Best Director
Brakkvann	David Reiss-Andersen	Aspen Shortsfest, USA Cinema Jove, Valencia	Special Jury Recognition La Luna de Valencia de Bronze
Dager av kjærlighet	Eric Magnusson	Circuito Off Venice International Short Film Festival, Italia Giovinazzo a Corto di Cinema, Italia	Audience Award Award for the technical realization and for the music
Den danske dikteren	Torill Kove	Tricky Women Animation Film Festival, Østerrike Lucca Animation Film Festival, Italia	Special Mention Audience Award "The Award of Awards",
Det visner	Petter Napstad	IndieLisboa, Portugal	Special Mention
Ediths glasslott	Tove Cecilie Sverdrup Og Sunniva Nervik	Bangkok Int'l Children's Film festival, Thailand	Best Live Action Film
Flashes of persia	Dimitri Lurie	Open Cinema ISAFF, St. Petersburg, Russia	Festival Committee's Award
Stikk	Vigdis Nielsen	Plein la Bobine Childen & Youth Film Festival, Frånçe	Young Jury Award for Best Short Film Public's Choice Award
Tørt og kjølig	Kristoffer Joner	Strasbourg European Fantastic Film Festival, Frånçe	Youth Jury Award for Best Short Film
Varde	Hanne Larsen	Palm Springs ShortsFest, USA	Best Live Action over 15 min
Adherent	Julian Vargas – Høgskolen i Volda	Middle East International Film festival	Black Pearl – Best Student Film
Bokaj	Gaute Hesthagen – Filmskolen i	Mediterranean Festival of Young Filmmakers, Hellas	Special Mention of the Jury

Kategori/filmtittel	Regissør	Festival	Internasjonal pris
	Lillehammer		
DOKUMENTARFILM - 9 dokumentarfilmer vann 10 priser			
3269 dagros	Kenneth Elvebakk	Roshd Int'l Film Festival, Iran	The Silver Statue
Blod & ære	Håvard Bustnes	Nordisk Panorama , Malmö	Beste nordiske dokumentarfilm
Brettkontroll	Emil Trier	River Run Film festival, NC, USA	Best Documentary Short Film
Fangst og fortieelse	Kurt Salo	St. Petersburg Maritime Film Festival, Russia	Special Prize Nerves of Steel
Forbudt fremtid	Gard A. Andreassen	The European Independent Film Festival, France	Best European Documentary Feature
Klovnebarna	Jannicke Systad Jacobsen	Durango Film Festival, USA	Shot on Film Award
Living in a minefield	(Marit Gjertsen)	Aljazeera Int. Documentary Film Festival, Qatar	Special Prize offered by Aljazeera Children
Polhavets pionerer	(Kurt Salo)	St. Petersburg Maritime Film Festival, Russia	Best Film on the Maritime Topic
		Matsalu International Nature Film Festival, Estland	Highly Commended Diploma
Statistikk	(Solveig Melkeraaen)	Nordisk Panorama, Malmö	Sparbanksstiftelsen Skånes Award for Short Documentary

6. Delmål 4: Filmkultur til alle

Sikre den norske filmarven og gjere den tilgjengeleg på alle plattformer. Eit breitt filmtilbod i fjernsyn, bibliotek og digitale kinoar. Ein sterk posisjon blant barn og unge som filmpublikum og filmskaparar, både i skole og fritid.

6.1 Dvd og klikkefilm

Ein stor del påsyn frå Norsk filminstitutt katalog dreier seg om gratis reklamefilm. Statistikken skil mellom filmar sett gjennom abonnementsordningar for skular og bibliotek gjennom Filmrommet.no og enkeltpåsyn (pay per view) frå Filmarkivet.no eller Filmarkivet.no/open/ (opne standardar).

Tabell 6.1 a) Dvd og klikkefilm: eigne utgivingar

Sal eigne utgivingar på dvd		Tilgjengeleggjering av filmarven: tal på eigne produksjonar klikkefilm	
Påsyn film frå NFI i 2008:			
Tal på dvd-ar/ eigne utgivingar selde:	18 282	Abonnenter	2 155
Tal på dvd-ar/ innkjøpte titlar selde:	11 047	Pay per view	10 910

6.2 Tilgjengeleggjering av filmarven, besøk Cinematek, museum og barn/unge

Cinemateket arrangerte i 2008 1 005 opne publikumsvisningar og arrangement. Internasjonale gjester på Cinemateket i 2008 inkluderte Jane Birkin, Claudia Cardinale, Michael Madsen, Liv Ullmann, Emir Kusturica, Victoria Abril, Gerard Malanga, Tony Conrad med fleire.

Cinemateket samarbeidde i 2008 med ei rekke eksterne samarbeidspartnarar, som Goethe-Institut, HL-senteret, Universitetet i Oslo, Norsk Form, Astrup Fearnley Museet for Moderne Kunst, Rikskonsertene, Litteraturfestivalen i Lillehammer, Film frå Sør, Skeive Filmer, Bollywood-festivalen, Det franske kultursenteret, Italias ambassade, Spanias ambassade, Japans ambassade, Svenska Filminstitutet, Det Danske Filminstitut, det finske nasjonalarkivet og ei rekkje andre.

Cinemateket i Oslo organiserte i 2008 ei lang rekke visningskonsept, sjå tabell 6.2 a), samt omtrentlig 140 filmvisningar for cinemateka i Bergen, Trondheim og Tromsø.

Tabell 6.2 a) Cinematek, museum og barn/unge – deltakare/publikum

Åpne publikumsvisninger	
Cinematek-visninger	32 728
Festivaler arrangert av eksterne	5 725
Lillebil Barnefilmklubb	775
Sum, publikumsvisninger	39 228
Tiltak barn og unge	
Skole/barnehagevisninger	2 420
Andre tiltak for barn og unge	1 538
Dvoted.net, norske brukere	1 386
Sum tiltak barn og unge	5 344
Filmmuseet	
Organiserte besøk,	3 064
Besøk	5 229
Sum filmmuseet	8 293
Sum publikumsaktiviteter	52 865
Bransjearrangementer	
Pressevisninger	243
Andre visninger, distributører	95
Diverse visninger, utleie	154
Tekniske kjøringer, produsenter	46
Lærerseminarer/kurs	5
Andre arrangementer	98
Filmtreff	196
Interne arrangement	121
Sum bransjearrangementer	958

Nasjonalt digitalt cinematek

Prosjektet, som starta hausten 2006, vart slutført og offisielt avslutta som Høykom-prosjekt 30. november 2008. Som teneste vart det lansert med visninga av *South Pacific* i slutten av oktober 2008. Dette starta vekselvise visningar av same film på alle dei sju prosjektstadene. Det har også vært noen få visningar på vanleg kino (Verdal) og filmklubb (Hønefoss). Eit par framsyningar er avlyste lokalt pga. tekniske problem med nyinstallert utstyr. Elles har visningane fungert førsteklasses. Det er laget ein logistikk for forsending av DCP-ar mellom spelestadene. Det vart gjort eitt forsøk med HD-overføring (streaming) av innleiing, med Liv Ullmann frå Trondheim. Dette fungerte godt dei fleste stadene. Prosjektet har fått ein del mediedekning, lansert egne nettsider og utarbeidd trykt program for okt/nov/des og for jan/feb, i tillegg til plakatar, annonser og anna profileringsmateriale til spelestadene.

Tabell 6.2 b) Digitale visninger 2008 (30.10 – 18.12)

Digitale filmar	8
Streaming av innleiingar	1
Visningar i alt	77
Av dette visningar utanom Cinemateka	4
Tilskodarar	1 569

Barn og unge som publikum og skaparar

I Veiviseren [2006-2007] blir Film & Kino gitt hovudansvaret for filmtiltak retta mot barn og unge, samtidig som det her ligg føringar om ansvarsfordeling mellom Film & Kino og NFI. Film & Kino overtok forvaltningsansvaret for filmprosjekt i Den kulturelle skolesekken ("DKS") frå 1. april 2008.

Det er gjort ei arbeidsfordeling mellom dei to institusjonane. Her fekk NFI eit tydelegare ansvar for tiltak relatert til barn og unges skapande arbeid med film.

Fram til 1.april 2008 hadde NFI to tilsette som var engasjerte i arbeidet med filmkulturelle tiltak for barn og unge – under dette forvaltning av middel til DKS. Arbeidet besto i stor grad av vurdering av prosjekt med tanke på støtte, samt oppfølging av iverksette prosjekt rundt omkring i landet. I tillegg har NFI tilbode rådgivingstenester til skolar/lærarar/elevlar/filmklubbar og andre som vil arbeide med film, samt hatt ei rekkje tilbod til barn og unge som besøker Filmens hus i Oslo. Frå 1. april 2008 er det ein tilsett som står for dette arbeidet.

Nasjonalt ansvar for Den kulturelle skolesekken

Film & Kino tok over det nasjonale ansvaret for Film i Den kulturelle skolesekken 1. mai 2008. NFIs siste tildeling vart gjort 15. november 2007. I perioden 15. november 2007 - 1. mai 2008 drev NFI rettleiing til DKS-kontakter og utlån av visningsutstyr, samt arrangerte DKS-seminar i samarbeid med Film & Kino. Det er avlevert ein egen rapport.

7. Resultatmål

I tildelingsbrevet av 8. april 2008 er det spesifisert at hovudmål og delmål ovanfor er langsiktige mål, og at instituttet er pålagt å utvikle plandokument, resultatmål og strategiar for å realisere desse måla. Desse punkta blir spegla i budsjettøknad og tildelingsbrev for kommande år, og vil bli rapportert der.

Særlige utfordringar

Samanslåinga av tre tidlegare institusjonar, i tillegg til integrering av arbeidet frå Norsk filmkommisjon, har vore ei særleg utfordring. Verksemda har i all hovudsak gjennomført dette utan at det har medført forseinkingar av eller uklare føringar for tildeling av tilskott. Dette har i stor grad blitt gjennomført av dei tilsette, trass i store administrative omleggingar. Både innan arkiv, økonomi og IT har nye system stilt store utfordringar til drifta.

8. Uerholdelege fordringar og avskrivningar av tap.

Det er i 2008 avskrive kundefordringar for til saman kr 49 880,58. Avskrivningane er gjort etter fleire purringar og inkassovarsel.

Tabell 8 a) Avskrivninger i 2008

Bilagsnr	Bilagsdato	Periode	Tekst	Beløp
2080004	10.01.2008	200801	Avskrevet av Lindorff, knr 147744	159,20
2080004	10.01.2008	200801	Avskrevet av Lindorff, knr 147744	588,80
2080004	10.01.2008	200801	Avskrevet av Lindorff, knr 147744	77,00
2080003	10.01.2008	200801	Avskrevet av Lindorff, knr 148534	1 238,40
2080003	10.01.2008	200801	Avskrevet av Lindorff, knr 148534	120,00
2080003	10.01.2008	200801	Avskrevet av Lindorff, knr 148534	120,00
2080003	10.01.2008	200801	Avskrevet av Lindorff, knr 148534	309,60
2080003	10.01.2008	200801	Avskrevet av Lindorff, knr 148534	30,00
2080003	10.01.2008	200801	Avskrevet av Lindorff, knr 148534	30,00
2080007	10.01.2008	200801	Avskrevet av Lindorff, knr 145398	1 072,80
2080007	10.01.2008	200801	Avskrevet av Lindorff, knr 145398	55,00
2080007	10.01.2008	200801	Avskrevet av Lindorff, knr 145398	268,20
2080007	10.01.2008	200801	Avskrevet av Lindorff, knr 145398	13,75
2080004	10.01.2008	200801	Avskrevet av Lindorff, knr 147744	39,80
2080004	10.01.2008	200801	Avskrevet av Lindorff, knr 147744	147,20
2080004	10.01.2008	200801	Avskrevet av Lindorff, knr 147744	19,25
2080005	10.01.2008	200801	Avskrevet av Lindorff, knr 144599	22,00
2080005	10.01.2008	200801	Avskrevet av Lindorff, knr 144599	183,20
2080006	10.01.2008	200801	Avskrevet av Lindorff, knr 146538	384,00
2080006	10.01.2008	200801	Avskrevet av Lindorff, knr 146538	77,00
2080009	10.01.2008	200801	Avskrevet av Lindorff, knr 139556	819,34
2080009	10.01.2008	200801	Avskrevet av Lindorff, knr 139556	165,00
2080009	10.01.2008	200801	Avskrevet av Lindorff, knr 139556	681,44
2080009	10.01.2008	200801	Avskrevet av Lindorff, knr 139556	399,79
2080008	10.01.2008	200801	Avskrevet av Lindorff, knr 143085	55,00
2080008	10.01.2008	200801	Avskrevet av Lindorff, knr 143085	159,20
2080008	10.01.2008	200801	Avskrevet av Lindorff, knr 143085	152,00

2080008	10.01.2008	200801	Avskrevet av Lindorff, knr 143085	13,75
2080008	10.01.2008	200801	Avskrevet av Lindorff, knr 143085	39,80
2080008	10.01.2008	200801	Avskrevet av Lindorff, knr 143085	38,00
30800049	21.01.2008	200801	Avskrevet pga inkasso, knr 149201	9,18
30800049	21.01.2008	200801	Avskrevet pga inkasso, knr 149201	2,30
2080028	08.02.2008	200802	Avskrevet av Lindorff, knr 141678	1 563,24
2080028	08.02.2008	200802	Avskrevet av Lindorff, knr 141678	485,00
2080028	08.02.2008	200802	Avskrevet av Lindorff, knr 141678	233,87
2080028	08.02.2008	200802	Avskrevet av Lindorff, knr 141678	2 271,63
2080029	08.02.2008	200802	Avskrevet pga kostnad, knr 149354	75,00
2080029	08.02.2008	200802	Avskrevet pga kostnad, knr 149354	114,48
2080030	08.02.2008	200802	Avskrevet av Lindorff, knr 101862	26 650,00
2080031	08.02.2008	200802	Avskrevet av Lindorff, knr 1671	750,00
2080031	08.02.2008	200802	Avskrevet av Lindorff, knr 1671	187,50
2080036	20.02.2008	200802	Avskrevet rest fakt 50702288 pga for lite bet	100,00
2080038	22.02.2008	200802	Avskrevet av Lindorff, knr 148204	55,00
2080038	22.02.2008	200802	Avskrevet av Lindorff, knr 148204	506,40
2080038	22.02.2008	200802	Avskrevet av Lindorff, knr 148204	13,75
2080038	22.02.2008	200802	Avskrevet av Lindorff, knr 148204	126,60
2080037	22.02.2008	200802	Avskrevet av Lindorff, knr 14726	366,40
2080037	22.02.2008	200802	Avskrevet av Lindorff, knr 14726	22,00
2080037	22.02.2008	200802	Avskrevet av Lindorff, knr 14726	91,60
2080037	22.02.2008	200802	Avskrevet av Lindorff, knr 14726	5,50
2080058	27.02.2008	200802	Avskrevet av Lindorff, knr 147742	397,60
2080058	27.02.2008	200802	Avskrevet av Lindorff, knr 147742	152,00
2080058	27.02.2008	200802	Avskrevet av Lindorff, knr 147742	55,00
2080058	27.02.2008	200802	Avskrevet av Lindorff, knr 147742	318,40
2080058	27.02.2008	200802	Avskrevet av Lindorff, knr 147742	99,40
2080058	27.02.2008	200802	Avskrevet av Lindorff, knr 147742	38,00
2080058	27.02.2008	200802	Avskrevet av Lindorff, knr 147742	13,75
2080058	27.02.2008	200802	Avskrevet av Lindorff, knr 147742	79,60
30800140	28.04.2008	200804	Avskrevet pga inkasso, knr 148288	219,44
30800140	28.04.2008	200804	Avskrevet pga inkasso, knr 148288	54,86
2080073	11.09.2008	200809	Avskrevet av Lindorff, knr 145308	1 215,00
2080074	11.09.2008	200809	Avskrevet av Lindorff, knr 143619	1 591,60
2080074	11.09.2008	200809	Avskrevet av Lindorff, knr 143619	397,90
2080076	11.09.2008	200809	Avskrevet av Lindorff, knr 143901	460,40
2080077	11.09.2008	200809	Avskrevet av Lindorff, knr 149444	364,40
2080077	11.09.2008	200809	Avskrevet av Lindorff, knr 149444	91,10
2080076	11.09.2008	200809	Avskrevet av Lindorff, knr 143901	115,10

2080075	11.09.2008	200809	Avskrevet av Lindorff, knr 148459	287,00
2080075	11.09.2008	200809	Avskrevet av Lindorff, knr 148459	71,75
2080092	30.09.2008	200809	Avskrevet av Lindorff, knr 141102	678,00
2080092	30.09.2008	200809	Avskrevet av Lindorff, knr 141102	169,50
2080093	30.09.2008	200809	Avskrevet av Lindorff, knr 148251	314,00
2080094	30.09.2008	200809	Avskrevet av Lindorff, knr 140552	261,20
2080093	30.09.2008	200809	Avskrevet av Lindorff, knr 148251	78,50
2080094	30.09.2008	200809	Avskrevet av Lindorff, knr 140552	65,30
2080095	30.09.2008	200809	Avskrevet av Lindorff, knr 148352	332,40
2080095	30.09.2008	200809	Avskrevet av Lindorff, knr 148352	83,10
2080096	30.09.2008	200809	Avskrevet av Lindorff, knr 147409	768,31
				4 980,58

9. Plandokument, risikostyring og oppfølging av innkjøpsreglement

Verksemda har i etableringsfasen i 2008 hatt særleg fokus på regelverket for offentlig innkjøp. Det har vore gjort i ein todelt prosess.

Eksisterande avtalar har vore gjennomgått, og i dei tilfelle det har vore tvil, også underlagt juridisk vurdering. Der innkjøpsreglane har vore brotne, er det sett i gang anbod for få innkjøpa i tråd med regelverket. Det er etablert nye rutinar for godkjenning av innkjøp over terskelverdiane kr 100 000, kr 500 000, og kr 1 200 000. Vidare er det identifisert risikofaktorar. NFI nyttar Statens senter for økonomistyring og har etablert risikostyring ut frå deira rutinar. Vidare er det frå 2009 innført nye rapporteringsstrukturar på økonomiområdet, med periodisert budsjett og månadsvis rapportering opp mot periodiseringa.

Verksemda har utarbeidd strategiske mål for 2009, og rapportstruktur i høve til måla.

10. Etske retningslinjer

Det er utarbeidd etiske retningslinjer for verksemda, og utkastet er gjort kjend for dei tilsette. Retningslinjene byggjer på "Etske retningslinjer for statstjenesten", og omhandlar også tema regulert i "Forskrift om offentlige anskaffelser", "Retningslinjer for karantene og saksforbud ved overgang til ny stilling mv utenfor statstjenesten" og "Varsling om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen", utgitt av Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

11. Integrering/inkludering av personar med innvandrarakgrunn.

Ved utlysing til ledige stillingar i Norsk filminstitutt oppmodar NFI personar med innvandrarakgrunn om å søkje. Vi tek inn minimum ein kvalifisert søkjar med innvandrarakgrunn til intervju. Dersom ingen søkjarar med innvandrarakgrunn bli vurdert som kvalifiserte, blir dette også grunngitt i innstillinga.

Tabell 11 a) Integrering av personar med innvandrarbakgrunn

NFI		2008	2009
Fast tilsette	N	3	3
	%	3,15	3,15
Mellombels tilsette	N	0	0
	%	0	0

12. Likestilling

Tabell 12 a) Likestilling 2008

Likestillingsrapport		Totalt		Leiarstillingar		Andre stillingar	
2008		Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kjønnsfordeling - alle	N	61	55	8	4	53	51
Tilsette	%	52,6	47,4	66,6	33,3	50,9	49,1
Kjønnsfordeling - heiltidstilsette	N	49	41	8	4	41	37
	%	54,4	45,6	66,6	33,3	52,5	47,5
Kjønnsfordeling - deltidstilsette	N	12	14	0	0	12	14
	%	46,2	53,8	0	0	46,2	53,8
Gjennomsnittslønn (i 1000 kr).		406	384	543	587	384	371

Tabell 12 b) Likestilling 2007

Likestillingsrapport		Totalt		Leiarstillingar		Andre stillingar	
2007		Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kjønnsfordeling - alle tilsette	N	48	46	5	4	43	42
	%	51,1	48,9	55,5	44,4	50,6	49,4
Kjønnsfordeling - heiltidstilsette	N	40	34	5	4	35	30
	%	54	46	55,5	44,4	53,8	46,2
Kjønnsfordeling - deltidstilsette	N	8	12	0	0	8	12
	%	40	60	0,0	0,0	40	60
Gjennomsnittslønn (i 1000 kr).		352	329	475	448	340	318

Tabell 12 c) Likestilling 2006

Likestillingsrapport		Totalt		Lederstillinger		Øvrige stillingar	
2006		Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kjønnsfordeling - alle tilsette	N	49	46	5	4	44	42
	%	51,6	48,4	55,5	44,4	51,2	48,8
Kjønnsfordeling - heiltidstilsette	N	36	32	5	4	31	28
	%	52,9	47,1	55,5	44,4	52,5	47,5
Kjønnsfordeling - deltidstilsette	N	13	14	0	0	13	14
	%	48,1	51,9	0,0	0,0	48,1	51,9
Gjennomsnittslønn (i 1000 kr).		327	321	481	441	316	310

Tabellen viser kjønnsfordelinga på leiarstillingar, andre stillingar og lønnsnivå. Fordeling mellom kvinner og menn i leiarstillingar er ujamn. Det er primært knytt til førstelinjeleiarane, som i stor grad var med frå tidlegare verksemder. På øvre avdelingsleiarnivå er det 40 prosent kvinner og 60 prosent menn. Dette er også forklaringa på skilnaden i leiarlønningar mellom kjønna.

Talla for 2006 og 2007 gjeld "gamle" NFI.

Dei viktigaste tiltaka for likestilling i verksemda er:

- Vurdering av kjønnsbalanse på seksjons- og avdelingsnivå ved rekruttering.
- Vurdering av kjønnsavhengige lønnskilnader i førebuingane til lokale lønnsoppgjør.
- Tilbod om individuelt tilpassa arbeidstidsordningar og eventuelt heimearbeid ved behov.

13. IA-avtalen

Norsk filminstitutt har inngått avtale om inkluderande arbeidsliv. Oppfølginga av avtalen har vore særleg knytt til sjukefråvere. På grunn av det omfattande omstrukturingsarbeidet i verksemda er arbeidet med plandokument ikkje ferdigstilt som ønska, men har fokus for 2009.

Sjukefråveret er høgare enn det ein burde vente ut frå karakteren av arbeid i verksemda. Det er i stor grad knytt til ein høg del langtidssjukdom. Det er noko avvik i tala på grunn av ulik rapporteringssystem i dei tre tidlegare verksemdene. Verksemda har frå 2009 inngått avtale om bedriftshelseteneste, støtte til treningsavgift og frukt i arbeidstida, som deltiltak for å betre sjukefråveret.

Tabell 13 a) Sjukefråvær2008

Sjukefråvær		2008	Sjukefråvær		2008
Menn heiltid	%	5,19	1-3 dagar	%	0,92
Kvinner heiltid	%	7,21	4-16 dagar	%	0,90
Menn deltid	%	3,74	Meir enn 16 dagar	%	3,51
Kvinner deltid	%	5,95	Totalt:	%	5,33

14. Miljøarbeid

Norsk filminstitutt er opptatt av å integrere miljøomsyn i drifta av verksemda. For 2008 har det i hovudsak vore ei vidareføring av tiltak innan dei fire områda som står nedanfor:

Tabell 13 a) Miljøhensyn 2008


Tiltak	2008
Energiøkonomisering	Merksemd rundt energiøkonomisering i samarbeid med ENTRA
Reinhald	Det blir kravd bruk av miljøvennlige produkt
Innkjøp	Leverandør med miljøprofil skal velgast der det er mogleg
Papirforbruk	Innført utskriftsløysing (Uniflow) som har som standardverdi tosidig utskrift i s/h, og som krev at brukaren nyttar ID-kort for å få utskrifa. Vi ventar redusert papirforbruk ved dette.

15. Styremedlemmer og organisasjonskart

Styremedlemmer

Kristenn Einarsson(styreleder)
Aage Aaberge
Solvor Amdal
Morten Andreassen
Henning Camre
Lisa Marie Gamlem
Nina Grünfeld (nestleder)
Eirik Ildahl
Toril Simonsen
Randi Øverland.

Organisasjonskart Norsk filminstitutt



16. Vedlegg


Definisjoner

Med langfilm forstås en film som har visningstid på minimum 72 minutter og som er produsert med henblikk på normal kinopremiere og -visning. Norsk filmfond kan i særlige tilfeller gi unntak fra bestemmelsen om filmens lengde for dokumentarer og filmer for barn.

Med kortfilm forstås en film som har visningstid på under 72 minutter og som er produsert med henblikk på visning på kino, i fjernsyn eller gjennom andre medier.

Med enkeltstående dokumentar, eller fjernsynsdokumentar, forstås en film som har visningstid på under 72 minutter og som er produsert primært med henblikk på visning i fjernsyn. Med fjernsynsserier forstås produksjon av episoder ment for visning i fjernsyn, enten disse er avsluttede episoder satt i serie, eller ett handlingsforløp inndelt i episoder.

Med interaktive produksjoner forstås dataspill og andre interaktive produksjoner for digital distribusjon som forteller historier med levende bilder.



NORSK**FILM**INSTITUTT

FILMENS HUS | Dronningens gate 16 | Oslo | TLF: 22 47 45 00 | WEB: www.nfi.no